

# Kommuneplanen sin arealdel 2010-2022

## Vedlegg 1: Konsekvensutgreiing nye areal

Framlegg til 1. gongs handsaming  
27. september 2011

Omtale av nye areal er justert i forhold til  
Kommunestyret sitt  
planvedtak 26. april 2012.  
Revidert 30.mai 2012



## INNHALD

1	Innleiing .....	2
2	Skildring av metode .....	2
2.1	Metode for konsekvensutgreiing .....	2
2.2	Metode for risiko og sårbarheitsanalysar (ROS).....	4
3	Konsekvensutgreiing på innspelsnivå .....	8
3.1	UGGDAL .....	8
3.2	REKSTEREN .....	58
3.3	TYSNES .....	82
3.4	LUNDE .....	111
3.6	ONARHEIM .....	141

## 1 Innleiing

I medhald av ny forskrift for konsekvensutgreiingar, vert det stilt krav om at verknadane av planforslaget skal skildrast og vurderast. Vurderingane skal vere på eit overordna nivå, og skal skildre konsekvensane for miljø og samfunn av nye areal for utbygging eller vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde.

Konsekvensutgreiinga er gjennomført på to ulike nivå.

- Det er for dei ulike tema vurdert i kva grad planframlegget totalt sett gir positive eller negative konsekvensar på eit overordna nivå. Samla konsekvensar for overordna tema som til dømes folkehelse, friluftsliv, landbruk, naturmangfald etc. vert vurdert for planframlegget i sin heilskap.
- For konkrete endringar i arealdelen i planframlegget er dei ulike tiltaka nummerert og konsekvensutgreidd i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar.

ROS-analysen er gjennomført på to ulike nivå.

- Alle moment vert vurdert og kommentert i høve til totaliteten av planen.
- ROS-analysen for nye areal er inkludert i konsekvensvurderinga for arealet. Det er gjennomført eit grundig forarbeid med utgangspunkt i ei nærare definert sjekkliste.

## 2 Skildring av metode

### 2.1 Metode for konsekvensutgreiing

Det er gjennomført konsekvensutgreiingar for dei delane av planframlegget som fastset rammer for framtidig utvikling, og som inneber endringar i arealdelen i høve til gjeldande kommuneplan. Nasjonale, regionale og lokale målsetnader og retningslinjer handsama der dette er høveleg i konsekvensutgreiinga. I samband med detaljplanlegging vil slike tilhøve verta gjenstand for ny og grundigare vurdering.

Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar. Kommunen har hatt opne møte i samband med oppstart av planen, samt dialog med bygdelag/tiltakshavarar i løpet av prosessen. Ulike problemstillingar og planmetodikk er diskutert i samråd med statleg mynde.

Basert på vedteke planprogram er konsekvensar for ulike deltema analysert og vurdert. Det er trekt fram positive og negative element for dei ulike deltema. Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktigheit og omfang er konsekvensen av tiltaket analysert. Oversikt over deltema som inngår i analysen går fram av tabell 1 nedafor.

For kvart tema er det vurdert moglege avbøtande tiltak eller retningslinjer/føringar for å redusere dei negative konsekvensane. I den vidare planlegginga av området er det mogleg å kompensere for ein rekkje av dei negative konsekvensane gjennom ulike tiltak.

Innspelsområdet/arealet utgjer område som vert direkte påverka ved gjennomføring av det planlagde tiltaket, medan influensområdet også gjeld tilstøytande område der innspelet kan tenkast å ha effekt. Innspelsområdet omfattar sjølve arealet for innspelet, medan influensområdet omfattar ei sone ut frå sjølve innspelsområdet.

Det er nytta ein femdelt skala for fastsetjing av konsekvens:

Stor negativ - negativ - ingen - positiv - stor positiv (-2 til +2).

Tabell 1. Kjeldedata/deltema for konsekvensutgreiing.

Tema		
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Naturtypar Viltkartlegging Område verna etter naturvernlova Anna biologisk mangfald, uregistrert Større vassdrag Miljømessig sårbarheit
	Landskap	Landskapskarakter/element Inngrepsfrie område i Noreg (INON)
	Kulturminne	SEFRAK Verneverdig kulturmiljø Kulturminne
	Friluftsliv	Lokal kjennskap Regionale friluftsområde Friområde (KP) Friluftsområde (KP)
	Landbruk	Markslagskart, AR5 Kjerneområde landbruk Kulturlandskap/utmarksbeite Naturressursar
	Strandsone	100-metersbeltet Funksjonell strandsone Analyse - inngrep/inngrepsfri strandsone
SAMFUNN	Samfunn og infrastruktur	Til- og fråflytting Bustad- og hyttepolitikk Fortetting/utviding Lokal utvikling/grendeutvikling Reiseliv Næringsliv Tyding for landbruksnæring og busetnad Offentlege tenester Viktige offentlege bygg/område Framtidig utbyggingsproblematikk By- og tettstadsutvikling/nærmiljø
	Barn og unge	Avstand til skule, barnehage, skuleskyss, trafikksikker veg Kapasitet skule Tilgang til fritidsaktivitetar i nærområde

## 2.2 Metode for risiko- og sårbarhetsanalysar (ROS)

I samband med rullering av kommuneplanar er det i plan- og bygningslova eit krav om å gjennomføre ein risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse), for ny arealbruk. Det er ei kommunal oppgåve å syte for at risiko- og sårbarhetsanalysar vert gjennomført. Føremålet med ROS-analysen er å lage ei oversikt som avdekkjer risiko og sårbarheit som følgjer av planutkastet, dvs. ny arealbruk. Vidare skal ROS-analysen identifisere avbøtande tiltak som reduserer eller eliminerer uakseptabel risiko. ROS-analysen er utført i samsvar med "Veileder for kommunal risiko- og sårbarhetsanalyser" utgitt av Direktoratet for sivil beredskap (2010).

Plan- og bygningslova § 3-1 syner til at planlegginga skal;

*"Fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv."*

<b>ROS-analyse:</b>	Ein systematisk framgangsmåte for å skildre og/eller kvantifisere uønska hendingar. ROS-analysen vert utført ved kartlegging av uønska hendingar og årsaker til desse hendingane. I analysen vert sårbarhet kopla mot risiko.
<b>Risikovurdering:</b>	Ei vurdering av sannsyn for og konsekvens av ei uønska hending. Risiko = Sannsyn + konsekvens
<b>Sannsyn:</b>	Vurdering av frekvens/sjansane for og kor ofte ei hending vil førekomma.
<b>Konsekvens:</b>	Mogleg verknad/resultat av ei hending.

Ut frå ei vurdering i høve til sannsyn og konsekvens vil analysen syne om det ligg føre akseptable eller uakseptable konsekvensar av det nye føremålet med omsyn til liv og helse, miljø og økonomiske tilhøve, samt samfunnsviktige funksjonar. Det vil vere viktig å finne moglege tiltak for å redusere risiko og sårbarhet for område med uakseptabel risiko. Slike tiltak kan vere både førebyggjande og skadereduserande. I plankartet vil område med potensiale for risiko synast med omsynssone.

Akseptkriterium for risiko gir uttrykk for det risikonivået (farenivået), som ein vedtek er akseptabelt i ein gitt periode. Akseptkriteria utgjer ein referanse ved vurdering av val av løysningar og trong for risikoreduserande tiltak (jf. risikomatrikse nedafør).

FMHO hadde motsegn til ROS-analysen ved 1. gongshøyring. Metode og oppsett er revidert i høve til lovverk (TEK10) og i dialog med beredskapseininga hos Fylkesmannen i Hordaland.

### 2.2.1 Metode oppsett

Ved tilrettelegging av nye arealføremål i kommuneplanen sin arealdel skal desse vurderast med omsyn til det konkrete tiltaket og tiltaket si lokalisering. Summen av nye tiltak kan til saman utgjere større risiko for kommunen sitt overordna risikobilete, slik at vurderingar også må gjerast for totaliteten av planframlegget. ROS-analysen er difor gjennomført på to ulike nivå. For begge nivåa er det nytta sjekklister for å fange opp flest moglege hendingar og situasjonar.

1. Alle moment er vurdert og kommentert i høve til totaliteten av planen. Som utgangspunkt og grunnlag for den generelle ROS-analysen er "*Analyse av risiko- og sårbare tilhøve, Tysnes kommune*" frå 2008 nytta.
2. ROS-analysen for nye areal er inkludert i konsekvensvurderinga for arealet. Det er gjennomført eit grundig forarbeid med utgangspunkt i ei sjekkliste. I sjølve ROS-analysen er berre hendingar/situasjonar med reell fare nemnt, medan hendingar/situasjonar som ikkje har relevans ikkje vert kommentert. Forarbeidet ligg som grunnlag for denne vurderinga.

Føremålet med denne analysen er å avdekke moglege risikotilhøve som kan oppstå innanfor område som vert tilrådd omdisponert. ROS-analysen vurderer tiltaket sin risiko i høve til plassering (risiko frå ytre tilhøve) og tiltaket sin risiko for omkringliggjande areal (risiko for omkringliggjande areal). På bakgrunn av

mellom anna ROS-analysen er nye areal justert, samt at det er lagt føringar/krav i føresegnene for å redusere avdekt risiko.

Føresetnadar for vurderingane:

- Naust og småbåtanlegg skal ikkje ha varig person opphald. I Tek10 tryggleiksklasse F1 og S1.
- Småbåthamn. I Tek10 tryggleiksklasse F1 og S2.
- Bustadområde har varig opphald, rekna 3 personar eit hushald. I Tek10 tryggleiksklasse F2 og S2.
- Næringsområde har ikkje varig opphald, rekna opp til 10 personar i arbeid. I Tek10 tryggleiksklasse F2 og S2.
- Offentlege institusjonar. I Tek10 F3 og S3.
- Vurdering av konsekvens er sett opp mot enkelt individ og enkelte bygg sin verdi.

Risikoen som ei hending representerer er definert gjennom sannsyn og konsekvens. I matrisa nedanfor vil dei ulike hendingane plasserast.

Tabell 2. Risikomatriza har tre soner; grøn, gul og raud. Matriza er inndelt i 4 matriser for kvart tema (liv og helse, miljø, økonomi og samfunnsviktige funksjonar). Sannsyn og konsekvens er inndelt i 5x5 og inndelinga med koding finn ein igjen i tabell 3 og 4.

		HELSE OG LIV					MILJØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud
	2	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud
	3	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Grøn	Gul	Raud	Raud	Grøn	Gul	Gul	Raud	Raud	Grøn	Gul	Gul	Raud	Raud
	4	Grøn	Grøn	Gul	Raud	Raud	Grøn	Grøn	Gul	Raud	Raud	Grøn	Grøn	Gul	Raud	Raud	Grøn	Grøn	Gul	Raud	Raud
	5	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Gul	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Gul	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Gul	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Gul
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
		Konsekvens																			

Som akseptkriterium har ein lagt til grunn:

<b>Uakseptabel risiko</b>	Tiltak <u>skal</u> settast i verk for å redusera risikoen. Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Det skal gjennomførast ytterlegare undersøkingar/utgreiingar for å belysa risikoen (ROS-analyse).
<b>Middels risiko</b>	Risiko <u>bør</u> vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko. Gjennomføring av tiltak skal vurderast i høve til kost - nytte. Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Kommunen kan, basert på tiltaket sitt innhald, utforming og lokalisering, i byggesak krevje ROS-analyse.
<b>Akseptabel risiko</b>	Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Det bør i kvar enkelt byggesak vurderast om det må gjennomførast førebyggjande tiltak.

Tabell 3. Inndeling av sannsyn

	Sannsyn	Frekvens
1	Mykje sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20. år
2	Sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200.år
3	Noko sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000.år
4	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000.år
5	Usannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 5000. år

Tabell 4. Inndeling av konsekvens

	Konsekvens	Liv og helse (L)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller små personskadar. Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming. Fråvær avgrensa til bruk av eigenmelding.
2	Ein viss fare	Inntil 5 alvorlege person- skadar eller mange små personskadar. Fråvær som krev sjukemelding.
3	Alvorleg/farleg	Inntil 10 alvorleg skadde personar eller inntil tre dødsfall
4	Kritisk	Inntil 25 alvorleg skadde personar eller inntil ti dødsfall
5	Katastrofal	Fleire enn 25 alvorleg skadde personar eller fleire enn ti dødsfall
	Konsekvens	Materielle verdiar/økonomi (Ø)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil 1 mill. kr.
2	Ein viss fare	Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, mellom 1- 10. mill. kr
3	Alvorleg/farleg	Skade eller tap av verdiar av noko varigheit, mellom 10 mill. - 90 mill. kr
4	Kritisk	Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, mellom 90 mill. - 300 mill. kr
5	Katastrofal	Varig skade eller tap av samfunnsverdi, over 300 mill. kr
	Konsekvens	Ytre miljø (luft, vatn og grunn) (M)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydelege miljøskadar. Utbeta av naturen sjølv etter kort tid
2	Ein viss fare	Miljøskadar, kort restitusjonstid
3	Alvorleg/farleg	Miljøskadar, < 1 års restitusjon
4	Kritisk	Alvorlege miljøskadar, > 1 års restitusjon
5	Katastrofal	Svært alvorlege miljøskadar, irreversibel skade
	Konsekvens	Samfunnsviktige funksjonar (S)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Ikkje trong for reservesystem
2	Ein viss fare	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Dersom det ikkje finst reservesystem/alternativ kan det ha konsekvensar for liv og helse, miljø og økonomi.
3	Alvorleg/farleg	Driftsstans inntil 1 veke.
4	Kritisk	Systemet vert sett ut av drift i fleire veker og månader.
5	Katastrofal	Hovud- og avhengige system vert sett permanent ut av drift.

Tabell 5. Sjekkliste for ROS-analyse på arealnivå.


Hending/situasjon	Aktuelt?	
Natur- og miljøforhold	Ja	Nei
Er området utsett for eller kan planen medføre risiko for:		
1. Ras/skred (snø, stein, masse mm).		
2. Flaum (elv, bekk), ekstrem nedbør		
3. Stormflo, høgvasstand, store bølger, stigning av havnivå, ekstrem vind		
Menneskeskapte forhold	Ja	Nei
Kan planen få konsekvensar for eller kan planområdet verta påverka av:		
4. Støy frå veg, næring/industri eller anna		
5. Akutt forureining		
6. Anna forureining (forureining av grunn, deponi etc.)		
7. Transport av/ulukke med farleg gods		
8. Stråling (høgspenn linje)		

9. Dambrot		
10. Brann og eksplosjon		
11. Regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is, endringar i vasstand mm		
12. Naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup mm).		
13. Ulukke i kryss og av-/påkjøring		
14. Ulukke med gåande/syklende		
15. Skipstrafikk		
16. Andre ulukkespunkt		



### 3 Konsekvensutgreiing på innspeisnivå

#### 3.1 UGGDAL



### 3.1.1 Areal U-01

Krins: Uggdal  
Lokalisering: Jensvoll


Gnr/bnr: 17/3

Noverande planstatus: LNF  
Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad  
Storleik: ca. 15 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert på Jensvoll, sør for Uggdal sentrum. Arealet har god tilkomst langs veg som fører til byggjefelt nord for området. Topografisk heller terrenget lett skrånande mot sør. Arealdekke for heile området er skog med særskilt høg bonitet.

Det er ønske om å leggje til rette for fem nye bueiningar innanfor arealet.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSA/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Landskapsmessig er området plassert på ein avsats mellom sjølinja i vest og brattare fjell i aust. Utbygging kan sjåast i samanheng med eksisterande byggefelt i nord. Arealet sør for eksisterande bustadfelt ber preg av spreidd busetnad. Tilrettelegging for fem nye einingar innanfor arealet vil ikkje påverke landskapet.	Ingen konsekvens	0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor arealet. Tre registrerte gravminne er lokalisert om lag 200 meter sør for arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsinnteresser innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert jordbruksinteresser innanfor arealet. Skog med særskilt høg bonitet dekkjer heile arealet. Det er ikkje kjent skogsdrift i området.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Arealet ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Området har god tilgang til infrastruktur, med relativt korte avstandar til butikkar, skule og barnehage.  Tysnes har utfordringar knytt til fråflytting, og tilrettelegging av sentrumsnære bustadfelt kan vere med å snu ein negativ fråflyttingstendens. Ifølgje planprogrammet er Uggdal ein av krinsane med vekst dei seinare åra. Tiltaket kan vere medverkende til at denne trenden kan oppretthaldest.	Positiv konsekvens	+1

	Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av åtte LNF-spreidd bustad areal i Uggdal krins med totalt omfang 43 einingar. Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.		
Barn og unge	Området er barnevenleg med lite trafikk, og kort veg til barnehage og skule. Området er sentrumsnært med relativt kort veg til ulike tilbod for barn og unge. Uggdal skule har tilbod for 1.-4. klasse, medan Tysnes skule har tilbod for 5.-10. klasse. Næraste barnehage er Myklestad barnehage nord for Uggdal sentrum. Barnehagen har tre avdelingar for aldersgruppa 1-5 år. Kommunen er i prosess med revisjon av skulestrukturen.	Positiv konsekvens	+1

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Snøskred. Utløpsområde for snøskred. Snøskred treff bustadhus.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Store delar av arealet er innanfor sone for snøskred.
2. Støy frå veg (Fv49). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv49).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Deler av arealet ligg innanfor gul sone i støyvarslingskart. Minste avstand til Fv49 er ca. 40 meter. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støyplagar.
3. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det vert føresett at eksisterande avkøyringar til eksisterande tomter i nord kan nyttast for nye tomter. Fartsgrensa er 60 og 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 1500. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
4. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 60 og 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 1500. Det er ikkje gangveg langs Fv49.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	3	2 4	■	■	■	■	■	■	■	■	3 4	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	■	1	■	■	■	■	■	■	■	■	1	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Det vert lagt faresone for byggeareal som overlappar med risiko for steinsprang eller snøskred. Krav om undersøking av rasfare og etablering av sikringstiltak om nødvendig.
2. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreduserande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
3. Betring av vegstandard og kryssløysning.
4. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tiltaket kan vere attraktivt for tilflytting av personar som har tilknytning til staden.
- Sentrumsnært med god tilgang til skule, barnehage og fritidstilbod.
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

##### Negative konsekvensar:

- Arealet er innanfor utløpsområde for snøskred.

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Uggdal. Arealet legg til rette for spreidde bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning.

### 3.1.2 Areal U-02

Krins: Uggdal

Lokalisering: Hålandsneset

Gnr/bnr:

36/1,3

37/1,2,3,5,6,7,8,9

38/1,3,7,9,10,11,12,13,14,15,16,17,18,21,23,24,25,27,29,30

39/1,3,5,6,8,9,10,12,13,14,18,19,20,22

40/2,3,5

41/1,2,4,5,6,7,8,12,16,20,22,23,24,25,27,29,30,31,39,41

42/1,2,3,4,5,10,15,16

44/16

Noverande planstatus: LNF


Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad

Storleik: ca. 1422 daa

#### Områdeskildring:

Området dekkjer eit stort areal på Hålandsneset. Avstandsmål er om lag 3 km retning nord-sør og 2 km aust-vest. Arealet dekkjer eksisterande bustader og gardsbruk, i tillegg til skog og utmark. Ulik type markslag/bonitet med hovudvekt av skog med særskilt høg bonitet.

Det vert lagt til rette for 10 nye bueiningar innanfor arealet.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Landskapet har varierende topografi, og inneheld ei blanding av natur- og kulturlandskap. Området ber preg av spreidd busetnad, jordbruksareal, samt større samanhengande urørte naturområde. Arealet opnar for 10 nye einingar. Basert på storleik av arealet og den fleksibiliteten dette gir i høve til plassering av nye hus, vil området framleis vere prega av spreidd busetnad. Konsekvensar for landskapet vil vere avhengig av plassering av ønska bustader.	Negativ til ingen konsekvens	-1/ 0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivsinteresser innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Om lag 28 prosent (400 daa) av arealet er registrert som kjerneområde for landbruk. I tillegg syner registreringar for innmark konflikt med 83,3 daa fulldyrka jord, 50 daa overflatedyrka jord og 113 daa innmarksbeite.  Konsekvensar for jordbruket er avhengig av	Stor negativ konsekvens	-2

		<p>plassering av nye einingar. Arealet opnar for 10 nye einingar innanfor eit område på over 1400 da. Det er føringar for at einingane ikkje skal plasserast på dyrka mark.</p> <p>Området er vurdert av jordbrukssjef med følgjande merknad: Omsøkte tiltak kan aksepterast på vilkår av at dyrka jord (fulldyrka/overflatedyrka/inmarksbeite) ikkje vert berørt og minimum minsteavstand til driftsbygningar overhalde. Tomteplassering må gjerest etter samla vurdering/plan og før tiltak vert iverksett.</p> <p>Alle desse momenta vert lagt i føresegner for LNF-spreidd.</p>		
	Strandsone	<p>Store delar av arealet ligg utanfor 100-metersbeltet, med unntak av eit mindre areal i nord-vestre hjørne. Minste avstand til kystlinja er 50 meter. Arealet mellom kystlinja og LNF-spreidd areal er hellande mot sjø og utgjer i hovudsak barskog. Det vil framleis vere passasje for ålmenta mellom kystlinja og byggeområdet.</p>	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Tilrettelegging av nye bustader vil generelt vere positivt for folketalsutviklinga i Tysnes. LNF-spreidd bustad kan vere attraktivt for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden. Dette er også i tråd med mål nedfelt i planprogrammet.</p> <p>Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen.</p> <p>Det er om lag 9 km til Uggdal sentrum og sentrumsfunksjonar som butikk, skule og barnehage.</p> <p>Arealet inkluderer eksisterande busetnad, og opnar såleis for naturleg utvikling av desse utan dispensasjon frå arealføremål.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	<p>Området er generelt barnevenleg med lite trafikk. Det er om lag 9-10 km til Uggdal skule med tilbod for 1.-4. klasse. Kommunen er i prosess med revisjon av skulestrukturen.</p> <p>Området har relativt kort veg til ulike tilbod for barn og unge. Uggdal skule har tilbod for 1.-4. klasse, medan Tysnes skule har tilbod for 5.-10. klasse. Næraste barnehage er Myklestad barnehage nord for Uggdal sentrum. Barnehagen har tre avdelingar for aldersgruppa 1-5 år.</p>	<p>Positiv konsekvens for nærmiljø</p> <p>Negativ konsekvens for avstand til skule og fritidstilbod</p>	+1 -1

ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Snøskred. Utløpsområde for snøskred. Snøskred treff bustadhus.	Ekstreme værforhold. Klimaendringar.	Delar av arealet er innanfor sone for snøskred.
2. Flaum (200 års). Bekk flaumar over og vatn på bustadtomter. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Det er fleire bekker som går gjennom arealet. Bekkane kan truleg definerast som flaumbekkar.
3. Støy frå veg (Fv83). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv83).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Deler av arealet ligg innanfor gul sone i støyvarslingskart. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støyplagar.
4. Stråling. Stråling frå høgspenit. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspenitleidning over tid.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Det er tre høgspenitliner som går gjennom arealet. På bakgrunn av krav til avstand frå høgspenit for heilårsbustader vert sannsynet justert ned.
5. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv83 er 300. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
6. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv83 er 300. Det er ikkje gangveg langs Fv83.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	5	3	■	■	■	■	■	■	■	■	5	2	■	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	4	1	■	■	■	■	■	■	■	■	1	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreducerande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Det vert lagt faresone for byggeareal som overlappar med risiko for steinsprang eller snøskred. Krav om undersøking av rasfare og etablering av sikringstiltak om nødvendig.
2. Det vert lagt byggegrense på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar.
3. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreducerande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
4. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.
5. Betring av vegstandard og kryssløysningar.
6. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

## TILRÅDING:

### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar.
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar er avhengig av plassering av bustadtomter.
- Konflikt med landbruksinteresser, jf kjerneområde landbruk og innmark.
- Mindre delar av arealet i aust er innanfor utløpsområde for snøskred.

### 1. gongshandsaming og høyring

Arealet vert tilrådd i tråd med ønskje om tilrettelegging av bustader i LNF-spreidd område.

### Konklusjon etter 1. gongshandsaming og høyring

Det er gjort justeteringar på sona. Arealet er redusert etter semnje i møter med fylkesmannen.



### 3.1.3 Areal U-03

Krins: Uggdal

Lokalisering: Flatråker

Gnr/bnr: 4/1,2,13,15,23,25,26,36,37,39,50,51,  
53,54,55,58,61,62,71,72,75,76,80

Noverande planstatus: LNF og bustadføremål (framtidig)


Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad

Storleik: ca. 72 daa

#### Områdeskildring:

Arealet dekkjer eit større område med kupert terreng, nord for Flatråker kai. Kulturlandskap med småbruk dominerer området. Varierende innslag av innmarksbeite og skog av svært høg bonitet. Arealet inkluderer eksisterande busetnad, samt omfattar framtidig bustadføremål i gjeldande kommuneplan (10,5 daa).

Det vert lagt til rette for fem nye bueiningar innanfor arealet.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAK/GEOGRAFI	Naturmangfald	I nordre del av arealet er det registrert naturtype «naturbeitemark» med verdi «lokalt viktig». Dette omfattar om lag 13 daa. Konsekvens for naturmangfaldet er avhengig av kor dei fem einingane vert etablert. Etablering av bustader kan ha påverknad gjennom direkte arealbeslag, men også indirekte gjennom m.a. ferdsel.	Negativ konsekvens ved direkte arealbeslag	-1
			Ingen konsekvens ved nyetableringar utanfor naturtypen	0
	Landskap	Landskapet har varierende topografi, og inneheld ei blanding av natur- og kulturlandskap. Området ber preg av spreidd busetnad, jordbruksareal, samt naturområde. Arealet opnar for fem nye einingar. Basert på storleik av arealet og den fleksibiliteten dette gir i høve til plassering av nye hus, vil området framleis vere prega av spreidd busetnad. Konsekvensar for landskapet vil vere avhengig av plassering av ønska bustader.	Negativ til ingen konsekvens	-1/ 0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Sør-austre del av arealet er i konflikt med regionale friluftsområde, verdi viktig. Arealet dekkjer om lag 1 daa, og vil ikkje ha innverknad på friluftslivinteresser.	Ingen konsekvens	0
Landbruk	83 prosent (ca. 60 daa) av arealet er innanfor kjerneområde for landbruk, som mellom anna inneheld 4,2 daa overflatedyrka jord. Det er også registrert tre teigar med innmarksbeite innanfor arealet (totalt 18,2 daa). Konsekvensar for jordbruket er avhengig av	Stor negativ konsekvens	-2	

		<p>plassering av nye einingar. Arealet opnar for fem nye einingar innanfor eit område på over 70 da. Det er føringar for at einingane ikkje skal plasserast på dyrka mark.</p> <p>Området er vurdert av jordbrukssjef med følgjande merknad: Omsøkte tiltak kan aksepterast på vilkår av at dyrka jord (fulldyrka/overflatedyrka/inmarksbeite) ikkje vert berørt og minimum minsteavstand til driftsbygningar overhalde. Tomteplassering må gjerest etter samla vurdering/plan og før tiltak vert iverksett.</p> <p>Alle desse momenta vert lagt i føresegner for LNF-spreidd.</p> <p>Skog som er innanfor arealet er av svært høg bonitet. Det er ikkje kjent at det er aktiv skogsdrift innanfor eller i nærleiken av arealet.</p>		
	Strandsone	Arealet ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Tilrettelegging av nye bustader vil generelt vere positivt for folketalsutviklinga i Tysnes. LNF-spreidd bustad kan vere attraktivt for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden. Dette er også i tråd med mål nedfelt i planprogrammet.</p> <p>Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av åtte LNF-spreidd bustad areal i Uggdal krins med totalt omfang 43 einingar.</p> <p>Arealet inkluderer eksisterande busetnad, og opnar såleis for naturleg utvikling av desse utan dispensasjon frå arealføremål.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	<p>Området er generelt barnevenleg med lite trafikk. Det er om lag 9 km til Uggdal skule med tilbod for 1.-4. klasse. 5.-10. klasse må reise til Tysnes skule. Kommunen er i prosess med revisjon av skulestrukturen.</p> <p>Næraste barnehage er Myklestad barnehage nord for Uggdal sentrum. Barnehagen har tre avdelingar for aldersgruppa 1-5 år.</p>	<p>Positiv konsekvens for nærmiljø</p> <p>Negativ konsekvens for avstand til skule og fritidstilbod</p>	+1 -1

ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Støy frå veg (Fv49). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv49).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Deler av arealet ligg innanfor gul sone i støyvarslingskart. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støyplagar.
2. Stråling. Stråling frå høgspenit. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspenitleidning over tid.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Det er ei linje som går tvers gjennom arealet i aust. På bakgrunn av krav til avstand frå høgspenit for heilårsbustader vert sannsynet justert ned.
3. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 500. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
4. Ulukke med gåande/syklande. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 500. Det er ikkje gangveg langs Fv49.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	3	1	■	■	■	■	■	■	■	■	3	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreduserande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
2. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.
3. Betring av vegstandard og kryssløysningar.
4. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

**TILRÅDING:**

**Positive konsekvensar:**

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar.
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

**Negative konsekvensar:**

- Naturbeitemark er registrert i nordre del av arealet.
- Landskapsmessige konsekvensar avhengig av plassering av tiltak.
- Landbruksinteresser er i utgangspunktet i konflikt. Avklart med jordbrukssjef.

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i tilrettelegging for etablering i LNF-spreidd område i kommunen.

### 3.1.4 Areal U-04

Krins: Uggdal  
Lokalisering: Flatråker


Gnr/bnr: 4/1

Noverande planstatus: LNF  
Framlegg til nytt arealføremål: Fritid og turisme  
Storleik: ca. 3 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert langs fylkesveg 49, med om lag 700 meter køyreveg nord for Flatråker kai. Området utgjer i hovudsak skog med svært høg bonitet.

Det vert lagt til rette for næringsverksemd knytt til utleige av ca. mpingvogner, hytter og bubilar innanfor arealet.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/ GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Topografisk har arealet ein skrånande profil. Området er nært lokalisert til kulturlandskap som dominerande landskapstype. Truleg vert det nødvendig å planere store delar av arealet for å drive næringsverksemda. Større terrenginngrep vil endre landskapsbildet i nærområdet. Tiltaket vil ikkje ha fjernverknad.	Negativ til ingen konsekvens	-1/ 0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Sør-austre del av arealet er i konflikt med regionale friluftsområde, til saman 5,8 prosent med verdi viktig. Arealet har ingen barriereeffekt for lokale friluftaktivitetar.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	0,6 prosent (18 kvm) av arealet er kjerneområde for landbruk. Overlappinga er i ytterkant av kjerneområde for landbruk. Det er ikkje registrert innmark innanfor arealet. Arealet vil ikkje føre til ei oppdeling av jordbruksareal.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Arealet ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Tiltaket kan vere med å styrke reiselivsaktiviteten i kommunen. I Flatråker-området kan tiltaket også supplere eksisterande ca. mpingfasilitetar.	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	Tiltaket har ikkje direkte relevans for barn og unge sine interesser.	Ingen konsekvens	0

ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Flaum (200 års). Bekk flaumar over og vatn på bustadtomter. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Det er ein bekk som går gjennom arealet. Bekken kan truleg definerast som flaumbekk.
2. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 500. Det må etablerast ny avkøyring til arealet. Vegstrekket er lite oversiktleg. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
3. Ulukke med gåande/syklande. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 500. Det er ikkje gangveg langs Fv49.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiningar.

1. Det vert lagt byggegrensing på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar.
2. Betring av vegstandard og etablering av god kryssløysning til Fv49.
3. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

**TILRÅDING:**

**Positive konsekvensar:**

- Tiltaket kan styrke reiselivs- og turismerelaterte aktivitetar i kommunen.
- Supplement til eksisterande ca.mping-fasilitetar i Flatråker-området.

**Negative konsekvensar:**

- Større terrenginngrep vil kunne gje landskapsmessige konsekvensar i nærområdet.

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i næringsutvikling og reiselivssatsing.

### 3.1.5 Areal U-05

Krins: Uggdal  
Lokalisering: Nese


Gnr/bnr: 27/1,7,8 - 28/1,2,3,12,26,32,39,41

Noverande planstatus: LNF  
Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad  
Storleik: ca. 162 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert nord for Neshamn, og strekkjer seg ca. 950 meter i retning SV-NØ. Arealet inneheld skogkledd kulturlandskap og fleire bustader/gardsbruk. Med sørvendt helling er området eksponert mot Langenuen.

Det er ønskje om å leggje til rette for fem nye bueiningar innanfor arealet. Arealomfang er justert i to omganger.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSUR SAR/ GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Topografisk har arealet ein skrånande profil mot sør og sør-vest. Området er eksponert og synleg frå Langenuen, og kan ha fjernverknad. Området ber preg av spreidd busetnad, jordbruksareal, samt naturområde. Arealet opnar for fem nye einingar. Basert på storleik av arealet og den fleksibiliteten dette gir i høve til plassering av nye hus, vil området framleis vere prega av spreidd busetnad.	Negativ til ingen konsekvens	-1/ 0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivsinteresser innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Om lag halvparten av arealet (80 daa) i særleg del er innanfor kjerneområde for landbruk. Registrert innmark er avgrensa til fulldyrka jord (8,7 daa), overflatedyrka jord (2,7 daa) og innmarksbeite (5,7 daa). Konsekvensar for landbruk vil vere avhengig av plassering av ønska utbygging. Arealet opnar for fem nye einingar innanfor eit område på over 160 daa. Det er føringar for at einingane ikkje skal plasserast på dyrka mark.  Området er vurdert av jordbrukssjef med følgjande merknad: Omsøkte tiltak kan aksepterast på vilkår av at dyrka jord (fulldyrka/overflatedyrka/inmarksbeite) ikkje vert berørt og minimum minsteavstand	Stor negativ konsekvens	-2

		til driftsbygningar overhalde. Tomteplassering må gjerest etter samla vurdering/plan og før tiltak vert iverksett. Desse momenta vert lagt i føresegner for LNF-spreidd bustad.		
	Strandsone	Arealet er justert og ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av åtte LNF-spreidd bustad areal i Uggdal krins med totalt omfang 43 einingar.</p> <p>Tilrettelegging av nye bustader vil generelt vere positivt for folketalsutviklinga i Tysnes. Tilrettelegging for fleire bustader er positivt med omsyn på potensielle etableringar av fleire barnefamiljar som motvekt til forgubbing og fråflytting.</p> <p>LNF-spreidd bustad kan vere attraktivt for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden. Dette er også i tråd med måleasetjing nedfelt i planprogrammet.</p> <p>Det er om lag 10 km til Uggdal sentrum og sentrumsfunksjonar som butikk, skule og barnehage.</p> <p>Arealet inkluderer eksisterande busetnad, og opnar såleis for naturleg utvikling av desse utan dispensasjon frå arealføremål.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	Neshamn-området er barnevenleg med gode høve for friluftaktivitetar. Det er monaleg lang veg til skule og barnehage i Uggdal, om lag 10 km. Avstand til Tysnes skule er om lag 15 km.	<p>Positiv konsekvens for nærmiljø</p> <p>Negativ konsekvens for avstand til skule og fritidstilbod</p>	+1 -1

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Flaum (200 års). Bekk flaumar over og vatn på bustadtomter. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Det er fleire bekkar som går gjennom arealet. Bekkane kan truleg definerast som flaumbekkar.
2. Stråling. Stråling frå høgspenit. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspenitleidning over tid.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Det er ei høgspenitline som går gjennom arealet. På bakgrunn av krav til avstand frå høgspenit for

		heilårsbustader vert sannsynet justert ned.
3. Ulukke i kryss og av-/påkøyning. Skade på kjøretøy	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyning.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv82 er 100. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
4. Ulukke med gåande/syklande. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyning.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv82 er 100. Det er ikkje gangveg langs Fv82.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	3	4	■	■	■	■	■	■	■	■	3	4	1	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	2	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduerande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Det vert lagt byggegrense på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar.
2. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.
3. Betring av vegstandard og kryssløysningar.
4. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar.
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

##### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar er avhengig av plassering av bustadtomter.
- Konflikt med landbruksinteresser, jf kjerneområde landbruk og innmark. Avklart med jordbrukssjef.

#### 1. gongshandsaming og høyring

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Uggdal krins. Arealet legg til rette for spreidde bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning.

#### Konklusjon etter 1. gongshandsaming og høyring

Det er gjort justeteringar på sona. Arealet er redusert etter semnje i møter med fylkesmannen.



### 3.1.6 Areal U-06


Krins: Uggdal  
Lokalisering: Hovdenes Vest

Gnr/bnr: 34/1,2

Noverande planstatus: LNF  
Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad  
Storleik: ca.. 10,6 daa

**Områdeskildring:**  
Området er lokalisert langs veg på Hovdenes Vest. Arealet er småkupert med skog av særskilt høg bonitet.

Det vert lagt til rette for fire nye bueningar innanfor arealet.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Landskapet i og kring området er småkupert og skogkledd. Spreidd utbygging vil vere lite synleg i terrenget rundt. Arealet vil punktere eit relativt urørt område.	Ingen til negativ konsekvens	0/ -1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Heile arealet er i konflikt med regionale friluftsområde, verdi viktig. Friluftsområde er knytt til strandsona og sjø. Arealet ligg utanfor 100-metersbeltet. Det er ikkje kjent at arealet har stinett eller anna som opnar for friluftaktivitetar i strandsona.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert jordbruksinteresser i eller i nærleiken av arealet. Skog med særskilt høg bonitet dekkjer heile arealet. Det er ikkje kjent skogsdrift i området.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Arealet ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Tilrettelegging av nye bustader vil generelt vere positivt for folketalsutviklinga i Tysnes. LNF-spreidd bustad kan vere attraktivt for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden.  Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av åtte LNF-spreidd bustad areal i Uggdal krins med totalt omfang 43 einingar.	Positiv konsekvens	+1

	<p>Tilrettelegging for fleire bustader er positivt med omsyn på etablering av fleire barnefamiljar som motvekt til forgubbing og fråflytting.</p> <p>Området er om lag 4 km frå Ugddal sentrum, og har god tilgang til sentrumsfunksjonar og barnehage/skule.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, som har positiv helsegevinst. Det er både tilgang til sjø, samt store utmarksområde i nærmiljøet</p>		
Barn og unge	<p>Området har god tilgang på natur og er samstundes sjønært. Eksisterande busetnad er innanfor ein radius på 1 km.</p> <p>Det er om lag 4 km til Ugddal skule (1.-4. klasse) og 11 km til Tysnes skule (5.-10 klasse). Skulestrukturen er under revisjon i kommunen. Næraste barnehage er Myklestad barnehage i Ugddal.</p>	Positiv konsekvens	+1

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Støy frå veg (Fv83). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv83).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Deler av arealet ligg innanfor gul sone i støyvarslingskart. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støyplagar.
2. Stråling. Stråling frå høgspenn. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspennleidning over tid.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Det er to linjer som delvis følgjer Fv83 nær arealet. På bakgrunn av krav til avstand frå høgspenn for heilårsbustader, samt byggegrense mot Fv83 vert sannsynet justert ned.
3. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv83 er 300. Det er eksisterande avkøyring frå Fv83 som kan nyttast. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
4. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg koplå saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv83 er 300. Det er gangveg langs Fv83.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red
	2	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red
	3	3	1 4	Red	Red	Red	Green	Green	Yellow	Red	Red	3 4	Yellow	Yellow	Red	Red	Green	Yellow	Yellow	Red	Red
	4	Green	2	Yellow	Red	Red	Green	Green	Yellow	Red	Red	Green	Green	Yellow	Red	Red	Green	Green	Yellow	Yellow	Red
	5	Green	Green	Yellow	Yellow	Yellow	Green	Green	Green	Yellow	Yellow	Green	Green	Yellow	Yellow	Yellow	Green	Green	Green	Yellow	Yellow
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreduserande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
2. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.
3. Betring av vegstandard og kryssløysningar.
4. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

1. Snøskred. Utløpsområde for snøskred. Snøskred treff bustadhus.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Store delar av arealet ligg i sone med risiko for snøskred. Klimatiske tilhøve gjer at snøskred i praksis ikkje utgjer noko faremoment.
2. Fare for steinsprang/skred. Steinblokk treff bustadhus.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Deler av arealet er utsett for steinsprang. Det er varig opphald innanfor arealet.
3. Flaum (200 års). Bekk fløymer over. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Det er fleire elver/bekkar som går gjennom arealet.
4. Stråling. Stråling frå høgspenit. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspenitleidning over tid.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Det er tre høgspenitliner som går gjennom arealet. På bakgrunn av krav til avstand frå høgspenit for heilårsbustader vert sannsynet justert ned.
5. Støy frå veg. Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Deler av bustadfeltet ligg innanfor gul og rød sone i støyvarslingsskart. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støyplagar.
6. Ulukke i kryss og av/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv83 er 300. Det er registrert ei trafikkulukke, lettare skadd, på Fv83 ved Stokksvågen.
7. Ulukke med gåande/syklande. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv83 er 300. Det er ikkje gangveg langs Fv83.

		HELSE OG LIV					MILJØ					ØKONOMI					SAMFUNN					
Sannsyn	1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
	2	1	6	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
	3	1	5 gulsone 7	5 rødsone	3	4	5	1	2	3	4	5	6 7	3	3	4	5	1	3	3	4	5
	4	1	4	1 2 3	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
Konsekvens																						

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

- 1 og 2. Det vert lagt faresone for byggeareal som overlappar med risiko for steinsprang eller snøskred. Krav om undersøking av rasfare og etablering av sikringstiltak om nødvendig.
3. Det vert lagt byggegrense på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar.
4. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.
5. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreduserande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
6. Betring av vegstandard og kryssløysningar.
7. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar og vidare vekst i Reksteren krins.
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn med lite trafikk og gode friluftsforhold.
- Området har god infrastruktur og kort veg til sjø.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

##### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar som følgje av tiltak.
- Konflikt med jordbruksareal.
- Konflikt med naturmangfald.
- Deler av arealet er utsett for snøskred og steinsprang.
- Avstand til skule og fritidstilbod for barn og unge.


#### 1. gongshandsaming og høyring

Arealet vert tilrådd som LNF-spreidd bustad med bakgrunn i bygdeutvikling og tilrettelegging for tilflytting til Reksteren.

#### Konklusjon etter 1. gongshandsaming og høyring

Det er gjort justeteringar på sona. Arealet er redusert etter semnje i møter med fylkesmannen.

### 3.3 TYSNES



### 3.3.1 Areal T-01

Krins: Tysnes

Lokalisering: Våge, Landevegen

Gnr/bnr: 91/1,2,3,4,8,9,10,11,12

92/1,16

94/1, 4, 7, 40, 135, 151, 153, 162, 163, 164, 165,  
213, 214 og 292

Noverande planstatus: LNF


Forslag til nytt arealføremål: Bustad

Storleik: ca. 50,3 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert like vest for Våge sentrum, i forlenginga av eksisterande bustadfelt mot nordaust. Kulturlandskapet er dominerande med større innslag av dyrka mark.

Arealet er eit nytt bustadområde med tilrettelegging for inntil 15 bustadtomter. Dette vil medverke til ei fortetting i Våge sentrum. Bustadfeltet er ei utviding av eksisterande bustadfelt, og er avgrensa av Våge sentrum mot aust og kommunal veg i vest.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Området er dominert av kulturlandskap med dyrka mark og noko skog. Arealet ligg i tilknytning til Våge sentrum og eksisterande busetnad. Utviding av Våge sentrum vil medverke til at området vil ha ei større utstrekning og vere noko meir kompakt utbygd. Bustadfeltet vil ha påverknad på landskapet i Våge sentrum, samt kunne ha fjernverknad frå sjøområda.	Negativ til ingen konsekvens	-1/ 0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsliv innanfor arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	48,8 prosent av arealet utgjer fulldyrka jord (ca.. 25 daa). Innmarka er fordelt på tre mindre og ein større teig. Alle er avgrensa frå resterande jordbruksareal av den kommunale vegen. Kjerneområde landbruk dekkjer 72,7 prosent av arealet (ca. 37 daa). Kjerneområdet dekker innmarksareala vest for Våge sentrum.  Lokal vurdering frå jordbrukssjef er at landbruksinteresser i dette tilfelle kan vike for samfunnsinteresser, jf tettstadutvikling.	Stor negativ konsekvens	-2

	Strandsone	Arealet ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Tysnes krins har hatt størst vekst i kommunen, og det er eit mål å leggje til rette for at denne veksten kan halde fram. Kommunen har satsa mykje på utvikling av tettstaden Våge, mellom anna med fornying av kaifasilitetar. I tråd med planprogrammet er det eit mål å til einkvar tid ha ledig tomteareal i krinsane Tysnes, Lunde, Uggdal og Onarheim.</p> <p>Arealet kan sjåast som ei naturleg utviding av Våge sentrum for nye bustader. Arealet er avgrensa av den kommunale vegen som kan fungere som ei grense mot landbruksområde i vest.</p> <p>Kommunikasjonsmessig er Våge sentralt for sambandet mot Halhjem og Bergen. Ei open problemstilling er endeleg avgjerd i høve framtidig trasè for kyststamvegen over Tysnes, og moglege konsekvensar for kommunikasjons- og tettstadutvikling i kommunen.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	<p>Området er sentrumsnært med relativt kort veg til ulike tilbod for barn og unge. Tysnes skule har tilbod for 5.-10. klasse, medan 1.-4. klassingar må reise til Uggdal skule. Næraste barnehage er Vågsmarka barnehage, like sør for Våge sentrum.</p> <p>Det er også kort veg til Tysneshallen, ein fleirbrukshall som i tillegg til diverse idrettstilbod også inneheld Tysnes folkebibliotek og høve for andre kulturaktivitetar.</p>	Positiv konsekvens	+1

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Støy frå veg (Fv49 og kommunal veg). Redusert helse og trivnad.	Støy frå trafikk på veg (Fv49 og kommunal veg).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Arealet ligg ikkje innanfor raud eller gul sone i støyvarslingkart. Byggegrense mot fylkesveg og kommunal veg vil redusere risiko for støyplagar.
2. Stråling. Stråling frå høgspenit. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspenitleidning over tid.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Det er ei høgspenitline som går gjennom arealet. På bakgrunn av krav til avstand frå høgspenit for heilårsbustader vert sannsynet justert ned.
3. Ulukke i kryss og av/påkøyring ved Fv85 eller Fv49. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det vert føresett at eksisterande avkøyringar til Fv49 og Fv85 kan nyttast. Fv49: Fartsgrensa er 50 km/t og

		ÅDT er 1600. Fv85. Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT er 200. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
4. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fv49: Fartsgrensa er 50 km/t og ÅDT er 1600. Fv85. Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT er 200. Det er gangveg langs Fv49 til Våge sentrum. Det er ikkje gangveg langs Fv85 til Våge sentrum

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN					
Sannsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	
	3	3 4	■	■	■	■	■	■	■	■	■	3 4	■	■	■	■	■	■	■	■	■	
	4	1	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
Konsekvens																						

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Støyvurderingar må gjennomførast ved detaljregulering av bustadområdet.
2. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.
3. Betring av vegstandard og kryssløysningar.
4. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for vidare bustad- og bygdeutvikling i Våge sentrum.
- Sentrumsnært med god tilgang til skule, barnehage og fritidstilbod.

##### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar i Våge sentrum, inkl mogleg fjernverknad frå sjø.
- Konflikt med jordbruksområde/kjerneområde landbruk.

Arealet er tilrådd utbygd i tråd med ønskje om tilrettelegging for vidare fortetting og folketalesvekst i Våge sentrum.

### 3.3.2 Areal T-02

Krins: Tysnes

Lokalisering: Våge

Gnr/bnr: 94/1,4,6,12,26,28,239,240,241,242,243,244,245,285  
95/7,28,53

Noverande planstatus: LNF og naust


Forslag til nytt arealføremål: Bustad/sentrumsføremål. Endeleg føremål vert sett i reguleringsplan.

Storleik: ca. 22 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert sør for Våge sentrum, på begge sider av Fv49. Eksisterande bustadfelt er lokalisert sør for området. Grense for området i nord følgjer strandlinja. Innslag av skog med sær høg bonitet, elles annan jorddekt fastmark.

Arealet er eit nytt bustadområde som medverker til fortetting i Våge sentrum. Arealet er ei utviding av eksisterande bustadfelt i sør. Arealet er noko justert i austre del i høve til opprinneleg innspel.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf. relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Området er sjønært med lang strandlinje og del av kulturlandskap i aust og utbygd bustadfelt i sør. Det er ikkje eksisterande bustader innanfor arealet, men eit større naust, samt tilhøyrande brygger i sjø. Fylkesvegen går i retning aust-vest gjennom arealet. Arealet ligg i ytterkant av Våge sentrum, og er såleis ei naturleg utviding. Bustader nord for Fv49 vil verta dominerande, og kan for delar av strekket endre siktlinje for bakanforliggjande hus. Etablering av bygg/tiltak innanfor arealet vil endre området sin landskapskarakter.	Negativ konsekvens	-1
	Kulturminne	Det er to automatisk freda kulturminne innanfor arealet. Eit gravminne er lokalisert på nordsida av fylkesveg, samt eit busetjing-aktivitetsområde sør for fylkesveg. Fjerning er ikkje aktuelt då kulturminnet er verna gjennom lov. Utbygging av bustader i nærmiljøet vil likevel endre kulturminnet sin kontekst og visuelle framtoning i landskapet.	Ingen til ngeativ konsekvens	0/ -1
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde - verdi viktig - dekkjer areal langs sjø, til saman 12 prosent av totalt areal. Friluftsområdet er knytt til strandsona og sjøareal. I hovudsak er strandsonareale nord for Fv49 lite attraktivt for ålmenta på grunn av nærleik til fylkesveg med trafikk og støy. Det ligg ein del	Ingen til negativ konsekvens	0/ -1

		flytebrygger og andre båtfortøyningar inne i vågen. Det vert føresett at denne bruken vert vidareført. Det er viktig at tilkomst til båt plass og kystlinja ikkje vert attbygd.		
	Landbruk	Etter justering av arealgrenser i austleg del, er det ikkje lenger registrert landbruksinteresser innanfor arealet. Opprinneleg areal var i konflikt med kjerneområde landbruk.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Heile arealet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. I utgangspunktet dannar Fv49 ein barriere mellom sjø og land. På bakgrunn av nærleik til Fv49 og eksisterande tiltak innanfor arealet er 100-metersbeltet i nærområdet definert som strandsone med inngrep og ikkje tilgjengeleg, jf. Strandsonekartlegging i regi av Samarbeidsrådet i Sunnhordland.	Negativ konsekvens	-1
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Tysnes krins har hatt størst vekst i kommunen, og det er eit mål å leggje til rette for at denne veksten kan halde fram. Kommunen har satsa mykje på utvikling av tettstaden Våge, mellom anna med fornying av kaifasilitetar. I tråd med planprogrammet er det eit mål å til einkvar tid ha ledig tomteareal i krinsane Tysnes, Lunde, Uggdal og Onarheim.</p> <p>Arealet kan sjåast som ei naturleg utviding av Våge sentrum for nye bustader og anna funksjoner.</p> <p>Det er kort veg til sentrumsfunksjonar som butikkar, fritidsaktivitetar og kulturtilbod.</p> <p>Kommunikasjonsmessig er Våge sentralt for sambandet mot Halhjem og Bergen. Ei open problemstilling er endeleg avgjerd i høve framtidig trasè for kyststamvegen over Tysnes, og moglege konsekvensar for kommunikasjons- og tettstadutvikling i kommunen.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	<p>Området er sentrumsnært med relativt kort veg til ulike tilbod for barn og unge. Tysnes skule har tilbod for 5.-10. klasse, medan 1.-4. klassingar må reise til Uggdal skule. Næraste barnehage er Vågsmarka barnehage, like sør for Våge sentrum.</p> <p>Det er også kort veg til Tysneshallen, ein fleirbrukshall som i tillegg til diverse idrettstilbod også inneheld Tysnes folkebibliotek og høve for andre kulturaktivitetar.</p>	Positiv konsekvens	+1



ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Flaum (200 års). Bekk flaumar over og vatn på bustader. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Arealet ligg med ca. 35 m frå ei elv. Elva kan ha høg vassføring. På grunn av avstand er konsekvens redusert.
2. Stormflo, høg vasstand mm. Skadar av store bølger. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Klimaendringar. Solfase, årstid etc. Naturfenomen. Ekstrem vind.	Høgaste vasstand med intervall på 20 år er 1,40 moh. Krav til minimum byggehøgde over normal vasstand for bygg med isolasjon/varig opphald. Føresegnene sett krav om at tiltak i sjø skal dimensjonrast etter lokale forhold.
3. Støy frå veg (Fv49). Redusert helse og trivnad.	Støy frå trafikk på veg (Fv49).	Det vert lagt til rette for omsorgsbustader med varig opphald. Deler av arealet ligg innanfor gul sone i støyvarslingskart. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støyplagar.
4. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fv49: Fartsgrensa er 60 km/t og ÅDT er 1600. Fv79: Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT er 150. Ingen registrerte ulukke i nærområdet i Nasjonal vegdatabank, men fleire i området Våge. Det må etablerast ny tilkomst til området.
5. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg koplå saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fv49: Fartsgrensa er 60 km/t og ÅDT er 1600. Fv79: Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT er 150. Det er gangveg langs Fv49 frå Uggdal i retning Våge.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN					
Sannsyn	1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
	2	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
	3	4 5	3	3	4	5	1	2	3	4	5	1	4 5	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	4	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
Konsekvens																						

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiningar.

1. Det vert lagt byggegrense på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar.
2. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreduserande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
3. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.
4. Betring av vegstandard og kryssløysningar.
5. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

## TILRÅDING:

### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for vidare bustad- og bygdeutvikling i Våge sentrum.
- Sentrumsnært med god tilgang til skule, barnehage og fritidstilbod.

### Negative konsekvensar:

- Etablering av bustadhus innfor arealet vil endre området sin landskapskarakter.
- To automatisk freda kulturminne er innanfor arealet.
- Konflikt med regionale friluftsområde, verdi viktig.
- Konflikt med 100-metersbeltet.

Arealet vert tilrådd med grunngjeving i mål om fortetting i Våge sentrum. Endeleg føremål vert satt i reguleringsplan.

### 3.3.3 Areal T-03

Krins: Tysnes  
Lokalisering: Gjerstad


Gnr/bnr: 95/4,12,41,43 - 96/1,2

Noverande planstatus: LNF og FBO-FNF (KL)  
Forslag til nytt arealføremål: Småbåthamn  
Storleik: ca. 34 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert på Gjerstad, og inkluderer bustadfelt nord for fylkesveg for småbåthamn. Arealet er lokalisert i sjønært kulturlandskap.

Arealet opnar for etablering av ei større småbåthamn med 100 ny båtplassar. Det er kort avstand til Våge sentrum og eksisterande busetnad. Det er framlegg til reguleringsplan.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSA/ GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Kulturlandskap med dyrka mark og innmarksbeite, samt spreidd busetnad. Det er eksisterande naust og bryggetiltak i sjø innanfor arealet. Arealet si utstrekning og storleik vil ha både nær- og fjernverknader og utbygging vil vere synleg frå sjøsida. Det vil truleg ikkje vere naudsynt med større tiltak, t.d. molo for auka tryggleik i høve vind og vær.	Negativ konsekvens	-1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor arealet. Kulturminne «busetjing-aktivitetsområde» er lokalisert like sør for arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde - verdi viktig - dekkjer 66,7 prosent av areal for småbåthamn (gjeld areal i sjø). Friluftsområdet er knytt til strandsona og sjøareal. Arealet ligg i sjø og i 100-metersbeltet. Etablering av småbåthamn med tilhøyrande teknisk infrastruktur vil gjere direkte arealbeslag, samstundes fremjar etablering av småbåthamn friluftslivet på sjøen.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Areal for småbåthamn er i konflikt med fulldyrka jord (ca. 1,3 daa), innmarksbeite (ca. 2,7 daa) og kjerneområde landbruk (ca. 2 daa). Arealet har eksisterande tilkomstveg gjennom jordbruksområde.	Negativ konsekvens	-1
	Strandsone	Arealet er innanfor 100-metersbeltet. Delar av strandlinja er utbygd med eksisterande naust	Negativ konsekvens	-1

		og bryggetiltak i sjø. På bakgrunn av innmark som går heilt ned til sjøkanten og eksisterande tiltak innanfor arealet er 100-metersbeltet i nærområdet definert som strandsone med inngrep og ikkje tilgjengeleg, jf. Strandsonekartlegging i regi av Samarbeidsrådet i Sunnhordland. Strandsona vil verta endre, frå strandsone med småskala tiltak til utbygging av ei større småbåthamn med tilhøyrande tiltak som veg og parkering.		
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Småbåthamn i Våge har i mange år vore ei prioritert sak både i kommuneplan-samanheng og i strategisk næringsplan for Tysnes. I gjeldande kommuneplan ligg det inne småbåthamn ved ferjekaien, og i Sjevågen om lag 500 m søraust for ferjekaien. Det har i mange år vore jobba med å få til småbåthamn på desse to plassane i Våge, men konflikatar i høve til andre interesser har stoppa planarbeidet. Det er no etablert ei større gjestehamn ved ferjekaien i Våge som ikkje er foreinleg med ei småbåthamn av denne storleik.</p> <p>I samband med tidlegare framlegg til reguleringsplan for området vart følgjande moment for tiltaket løfta fram:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Løyer naudsynt behov for båt plassar i Våge</li> <li>• Fellesanlegg for båt plassar lettast presset på øvrig areal til sjø i Våge</li> <li>• Plassering samsvarer med tilrådingane i stadanalyse for Våge</li> <li>• Tilgang til offentleg badeområde i gangavstand skule og barnehage</li> <li>• Ny veg fram til offentleg veg, kan nyttast til fleire føremål.</li> </ul>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	Tiltaket har ikkje direkte relevans for barn og unge sine interesser.	Ingen konsekvens	0

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Stormflo, høg vasstand mm. Skadar av store bølger. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Klimaendringar. Solfase, årstid etc. Naturfenomen. Ekstrem vind.	Høgaste vasstand med intervall på 20 år er 1,40 moh. Føresegnene sett krav om at tiltak i sjø skal dimensjonerast etter lokale forhold.
2. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det vert føresett at eksisterande avkøyring frå Fv49 kan nyttast til arealet. Fartsgrensa er 60 km/t og ÅDT er 1200. Det er registrert ei ulukke, lettare skadd, i krysset til Gjerstad.

3. Utlukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa på Fv49 er 60 km/t og ÅDT er 1200. Det er ikkje gangveg langs Fv49 frå arealet i retning Våge.
4. Skipstrafikk. Utlukke mellom småbåtar, og mellom småbåtar og hamn.	Auka trafikk i sjø.	Låg fart. Ingen tiltak som hindrar god innfart/manøvrering ved hamn.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	2	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	3	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	4	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Dimensjonering etter lokale tilhøve.
2. Betring av vegstandard og kryssløysningar. Detaljplan må sjå på trafikkkløysningar og tryggleik.
3. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.
4. God markering av innløp og hamn.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tiltaket vil løyse eit stort behov for fleire båt plassar i Våge, og slikt sett verke støttande for Våge som eit attraktiv bualternativ.

##### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar med nær- og fjernverknader.
- Regionale friluftsområde, verdi viktig, er i konflikt med delar av arealet.
- Arealet er innanfor 100-metersbeltet. Endring i strandsonebeltet frå småskalatiltak i dag til utbygging av ei større småbåthamn med tilhøydande tiltak som veg og parkering.

Areal for småbåthamn vert tilrådd med bakgrunn i stort samfunnsmessig behov for tiltaket i Våge. Lokalisering i Gjerstad er mellom anna stadfesta i stadanalyse for Våge.

### 3.3.4 Areal T-04

Krins: Tysnes  
Lokalisering: Seeberg I

Gnr/bnr: 98/16,17,44,45,48,55,57,89

Noverande planstatus: LNF  
Forslag til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad  
Storleik: ca. 9,6 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert i Seeberg, aust for Våge. Småkupert og sjønært område, med eksisterande bustader innanfor området. Skog med særst høg bonitet.

Det vert lagt til rette for to nye bueiningar innanfor arealet.



#### 1. gongshandsaming og høyring

Areal for LNF-spreidd bustad er tilrådd med bakgrunn i at arealet er i tråd med ønskje om fleksibel og valfridom i høve til bustadar. Arealet legg til rette for spreidde bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning.

#### Konklusjon etter 1. gongshandsaming og høyring

Det er knytt motsegn til arealet. Arealet er trekt ut av planframlegget.

### 3.3.5 Areal T-05

Krins: Tysnes

Lokalisering: Seeberg II

Gnr/bnr: 98/9, 18, 25, 28, 29, 30, 31, 33, 34, 53, 76, 88 og 90

Noverande planstatus: LNF


Forslag til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad

Storleik: ca. 26,1 daa

#### Områdeskildring:

Arealet er lokalisert i Seeberg, aust for Våge. Området er småkupert og sjønært, med eksisterande bustader og infrastruktur innanfor arealet. Skog med høg og særleg høg bonitet.

Det vert lagt til rette for to nye bueiningar innanfor arealet.



#### 1. gongshandsaming og høyring

Areal for LNF-spreidd bustad er tilrådd med bakgrunn i at arealet er i tråd med ønske om fleksibel og valfridom i høve til nye bustadar. Arealet legg til rette for spreidd bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning.

#### Konklusjon etter 1. gongshandsaming og høyring

Det er knytt motsegn til arealet. Arealet er trekt ut av planframlegget.

### 3.3.6 Areal T-06

Krins: Tysnes  
Lokalisering: Tysnes


Gnr/bnr: 99/2,8,76

Noverande planstatus: LNF  
Forslag til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad  
Storleik: ca. 9,8 daa

#### Områdeskildring:

Arealet er lokalisert på Tysnes, nordaust for Våge. Småkupert terreng i omkringliggende kulturlandskap. Skog med særst høg bonitet. Eit hus er innanfor arealet i dag.

Arealet er ei utviding av eksisterande LNF-spreidd sone på Tysnes. Det er ønskje om å leggje til rette for to nye bueiningar innanfor arealet.



Arealet vart ikkje tilrådd ved 1. gongshandsaming på bakgrunn av behov og ytterlegare press på og punktering av areal.



### 3.3.7 Areal T-07

Krins: Tysnes

Lokalisering: Seeberg, Gjersvik

Gnr/bnr: 98/6,7,9,12,36,37,43,54,91,93

Noverande planstatus: LNF

Forslag til nytt arealføremål: LNF-spreidd naust og småbåtanlegg

Storleik: ca. 3,1 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert i eksisterande naustmiljø, eksponert i nord-austleg retning.

Arealet legg til rette for naustføremål for eksisterande naust, samt ei fortetting av inntil tre nye naust med båtplassar.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Landskapet i og kring området er kupert med bustadhus og kulturlandskap med dyrka mark. Landskapspåverknaden er i hovudsak knytt til nærmiljøet. Etablering av nokre nye naust vil ikkje ha større landskapsmessige endringar, jf eksisterande tiltak innanfor arealet.	Ingen konsekvens	0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde - verdi viktig - dekkjer heile arealet. Friluftsområdet er knytt til strandsona og sjøareal. Arealet ligg i sjø og knytt til 100-metersbeltet. Etablering av naust og tiltak i sjø vil gjere direkte arealbeslag, samstundes fremjar etablering av naust og småbåtanlegg friluftslivet på sjøen.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert landbruksinteresser innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Arealet ligg i 100-metersbeltet. Det er eksisterande tiltak innanfor arealet. Etablering av naust, som per definisjon er uthus, skal ikkje hindre ålmann ferdsl. Fortetting i eksisterande naustmiljø vil ikkje ha større konsekvensar for 100-metersbeltet.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Området er eit allereie etablert naustområde med tilrettelagt infrastruktur. Tiltaket er også naturleg å sjå i samheng med tilrettelegging av bustader i T-04 og T-05.  Tiltaket er i tråd med planprogrammet som	Positiv konsekvens	+1

	prioriterer tilrettelegging av sjøtilknytt fritidsaktivitetar, som hovudregel i naust- og småbåtanlegg/-hamn. Det er også i tråd med nedfelt målsetjing at bygging av naust skal avgrensast til eksisterande naust- og sjøhusmiljø.		
Barn og unge	Tiltaket har ikkje direkte relevans for barn og unge sine interesser.	Ingen konsekvens	0

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Stormflo, høg vasstand mm. Skadar av store bølger. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Klimaendringar. Solfase, årstid etc. Naturfenomen. Ekstrem vind.	Høgaste vasstand med intervall på 20 år er 1,40 moh. Tradisjonelle naustbygg er utan isolasjon og skal konstruksjonsmessig tåla noko vatn. Føresegnene sett krav om at tiltak i sjø skal dimensjonierast etter lokale forhold.
2. Skipstrafikk. Ulukke mellom småbåtar, og mellom småbåtar og hamn.	Auka trafikk i sjø.	Låg fart. Ingen tiltak som hindrar god innfart/manøvrering ved hamn.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	2	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	3	2	3	4	5	6	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	4	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
		Konsekvens																			

Risikoreducerande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreingar.

1. Dimensjonering etter lokale tilhøve.
2. God markering av innløp og hamn.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tiltaket er i tråd med planprogrammet som prioriterer tilrettelegging og fortetting av eksisterande naustmiljø.
- Arealet er ei stadfesting av eksisterande bruk og situasjon, samt ei fortetting av eksisterande naustmiljø.
- Tilgjenge til sjø er eit viktig attraksjonsmoment for å halde på og skaffe nye innbyggjarar..

##### Negative konsekvensar:

- Det er ikkje registrert direkte negative konsekvensar.

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i stor etterspurnad etter småbåtplassar lokalt i og generelt i kommunen, samt stadfesting av eksisterande bruk og situasjon. Det er i tråd med planprogrammet at nausttiltak er innanfor eksisterande naustmiljø.

### 3.3.8 Areal T-08

Krins: Tysnes  
Lokalisering: Skipavik

Gnr/bnr: 103/1,6

Noverande planstatus: LNF  
Forslag til nytt arealføremål: LNF-spreidd naust og småbåtanlegg  
Storleik: ca. 2,6 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert i eksisterande naustmiljø i Skipavik. Innmarksbeite og skog med høg bonitet. Eit mindre oppdyrka dalsøkk går i retning sørvest frå området, som del av gardsbruk. Området er godt verna mot vør og vind.

Arealet legg til rette for naustføremål for eksisterande naust, samt ei fortetting av inntil tre nye naust med båtplassar.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Naturbeitemark er registrert i vestleg del av området. Naturleg tilkomst vil vere gjennom dette området/landskapsdraget. Arealet grensar i nord til naturtype kystfuruskog. Kystfuruskogen vert ikkje direkte påverka av arealet. Sjøareala utanfor naustarealet er registrert som viltområde. Sjøareala er påvist som beiteområde for kvinand og siland. Etablering av naustområde vil ha påverknad både gjennom direkte arealbeslag, men også indirekte gjennom ferdsel.	Negativ konsekvens	-1
	Landskap	Landskapet i og kring området er kupert med gardsbruk og kulturlandskap med dyrka mark. Det er vert lagt til rette for fortetting med inntil tre nye naust. Med utgangspunkt i få eksisterande naust, vil nybygg i dette området ha større konsekvens for landskapet.	Negativ konsekvens	-1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet. Det er ei SEFRAK-registrert sjøbu innanfor arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde - verdi svært viktig - dekkjer 45,8 prosent av arealet. Friluftsområdet er knytt til strandsona og sjøareal, og spesielt retta mot Godøya og øyane kring denne. Arealet ligg i sjø og knytt til 100-metersbeltet. Etablering av naust og tiltak i sjø vil gjere direkte arealbeslag, samstundes fremjar etablering av naust og småbåtanlegg friluftslivet på sjøen.	Ingen konsekvens	0

	Landbruk	Om lag 25 prosent (0,7 daa) av arealet er i konflikt med innmarksbeite, gjeld vestre del av området. Naturleg tilkomst vil vere gjennom landskapsdraget innmarka ligg i.	Negativ konsekvens	-1
	Strandsone	Arealet ligg i 100-metersbeltet. Det er eksisterande tiltak innanfor arealet. Etablering av naust, som per definisjon er uthus, skal ikkje hindre ålmenn ferdsel. Fortetting i eksisterande naustmiljø vil i utgangspunktet ikkje ha så stor påverknad på 100-metersbeltet, men tilhøve med få eksisterande naust gjer at tiltak vil få større verknad for landskap og strandsona. Sjå også kommentar under tema Landskap.	Negativ konsekvens	-1
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Området er eit allereie etablert naustområde med tilrettelagt infrastruktur. Ei fortetting av naustområdet kan gjere denne delen av kommunen meir attraktiv for tilflytting.  Tiltaket er i tråd med planprogrammet som prioriterer tilrettelegging av sjøtilknytt fritidsaktivitetar, som hovudregel i naust- og småbåtanlegg/-hamn. Det er også i tråd med nedfelt målsetjing at bygging av naust skal avgrensast til eksisterande naust- og sjøhusmiljø.	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	Tiltaket har ikkje direkte relevans for barn og unge sine interesser.	Ingen konsekvens	0

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Flaum (200 års). Bekk flaumar over og vatn på naustområde. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Det er ein bekk som går gjennom arealet. Bekken kan truleg definerast som flaumbekk. Tradisjonelle naustbygg er utan isolasjon og skal konstruksjonsmessig tåla noko vatn.
2. Stormflo, høg vasstand mm. Skadar av store bølger. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Klimaendringar. Solfase, årstid etc. Naturfenomen. Ekstrem vind.	Høgaste vasstand med intervall på 20 år er 1,40 moh. Tradisjonelle naustbygg er utan isolasjon og skal konstruksjonsmessig tåla noko vatn. Føresegnene sett krav om at tiltak i sjø skal dimensjonast etter lokale forhold.
3. Skipstrafikk. Ulukke mellom småbåtar, og mellom småbåtar og flytebrygge.	Auka trafikk i sjø.	Låg fart. Ingen tiltak som hindrar god innfart/manøvrering ved hamn.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	2	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	3	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	4	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
		Konsekvens																			

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiningar.

1. Det vert lagt byggegrense på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar. Plastring av bekk/flytting av bekk.
2. Dimensjonering etter lokale tilhøve.
3. God markering av innløp og hamn.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tiltaket er i tråd med planprogrammet som prioriterer tilrettelegging og fortetting av eksisterande naustmiljø.
- Arealet er ei stadfesting av eksisterande bruk og situasjon, samt ei fortetting av eksisterande naustmiljø.
- Tilgjenge til sjø er eit viktig attraksjonsmoment for å halde på og skaffe nye innbyggjarar..

##### Negative konsekvensar:

- Konflikt med naturmangfald: Direkte med naturbeitemark. Indirekte med kystfurusvog og viltområde i sjøareal utafor tiltaket.
- Landskapsmessige endringar med utgangspunkt i få eksisterande naust i området.
- Konsekvens for 100-metersbeltet, med utgangspunkt i få eksisterande nausttiltak.

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i stor etterspurnad etter småbåtplassar lokalt i og generelt i kommunen, samt stadfesting av eksisterande bruk og situasjon. Det er i tråd med planprogrammet at nausttiltak er innanfor eksisterande naustmiljø for å dempe arealpress i andre område.

### 3.3.9 Areal T-09

Krins: Tysnes  
Lokalisering: Teigland


Gnr/bnr: 88/1

Noverande planstatus: LNF  
Forslag til nytt arealføremål: Næring  
Storleik: ca. 7,4 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert på Teigland, vest for Våge. Kulturlandskap/gardsområde aust for området. Terrenget er bratt i bakkant, med Teiglandsnuten og Dallandsfjellet sør for arealet. Skog med særleg høg bonitet dekkjer om lag halvparten av arealet i sørleg del. Arealet ligg tett opp til kommunal veg frå Våge i retning vest og Andlavåg.

Arealet er ei utviding av eksisterande steinknuseverk og bergverksdrift. Nytt arealføremål vert tilpassa eksisterande bruksføremål.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf. relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Landskapet i og kring området er ei blanding av natur- og kulturlandskap. Det er kort avstand til strandlinja. Eit større fjellområde, Dallandsfjellet, sør for arealet. Arealet ligg i tilknytning til eksisterande steinuttak. Nærområdet til arealet ber preg av steinuttak og elles jordbruksareal. Ytterlegare utviding av steinuttaket vil ha påverknad på nærmiljøet.	Negativ konsekvens	-1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde - verdi registrert - dekkjer 54 prosent av arealet. Friluftsområdet er knytt til Vestrefjellet og markaområdet. Det er ikkje kjent at arealet ligg innanfor ein av innfallsportane til fjell-/marka-området.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	57 prosent (4,2 daa) av arealet er i konflikt med innmarksbeite. Deler av arealet ligg innanfor kjerneområde for landbruk. Arealet, inkludert innmarksbeitet, er lokalisert i ytterkant av kjerneområde for landbruk. Dei store samanhengande jordbruksareala er lokalisert aust for arealet. Tilkomst til arealet går gjennom jordbruksdominert område.	Negativ konsekvens	-1
	Strandsone	Arealet ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.		

SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Det er generelt få nye næringsområde i denne rulleringa. Steinknuseverket er rekna som attåttnæring til landbruk. Ei tilrettelegging for utvida aktivitet i dette området vil kunne sikre vidare aktivitet og oppretthalding av arbeidsplassar.	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	Tiltaket har ikkje direkte relevans for barn og unge sine interesser.	Ingen konsekvens	0

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Snøskred. Utløpsområde for snøskred. Snøskred treff næringsområde.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Heile arealet er innanfor sone for snøskred.
2. Fare for steinsprang/skred. Steinblokk treff næringsområde.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Heile arealet er utsett for steinsprang. Næringa er knytt til steinbrudd. Det er ikkje varig opphald innanfor arealet.
3. Stråling. Stråling frå høgspent. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspenteleidning over tid.	Det er ei høgspenteleine som går gjennom arealet. Det er ikkje varig opphald innanfor arealet.
4. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det er eksisterande avkøyring frå kommunalveg. Fartsgrensa er 50 km/t. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
5. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 50 km/t. Det er ikkje eige felt for mjuke trafikantar langs den kommunale vegen eller Fv85.
6. Støy frå steinknuseverk. Påverknad for ytre miljø.	Arbeid på staden	

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Samnsyn	1																				
	2		6																		
	3	4	5									4	5								
	4		3	1	2									1	2						
	5																				
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

- 1 og 2. Det vert lagt faresone for byggeareal som overlappar med risiko for steinsprang eller snøskred. Krav om undersøking av rasfare og etablering av sikringstiltak om nødvendig.
4. Betring av vegstandard og kryssløysning.
5. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.
6. Utarbeiding av detaljplan inkl. ROS-analyse som skal kartlegging og vurdere støytilhøva. Avbøtande tiltak skal skisserast. Føresegn i kommuneplan.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Utviding av næringstiltak er positivt for sysselsetjing som attåttnæring til landbruk.

##### Negative konsekvensar:

- Steinuttak føreset endring av landskap.
- Arealet er utsett for snøskred og steinsprang.

Areal for næring er tilrådd med bakgrunn i eksisterande drift i steinuttak.



### 3.3.10 Areal T-10

Krins: Tysnes  
Lokalisering: Dalland

Gnr/bnr: 92/2,4 - 93/1,2,3 - 60/2

Noverande planstatus: LNF  
Forslag til nytt arealføremål: Næring  
Storleik: ca. 62,3 daa

#### Områdeskildring:

Arealet er lokalisert på Dalland, sør for Våge. Småkupert terreng, med bratt skrent langs austsida. Grensar til kulturlandskap i nord. Skog med særst høg bonitet samt blanding av fastmark og ope fjell i dagen. Kort veg til Våge sentrum.

Arealet er eit nytt næringsområde. Arealet er redusert i forhold til opprinneleg innspel.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Småkupert landskap. Skog med særst høg bonitet samt blanding av fastmark og ope fjell i dagen. Arealet ligg i eit tilnærma urørt landskapsområde, med unntak av Fv49, høgspent og spreidd busetnad. Arealet ligg i eit avgrensa landskapsrom. Etablering av eit større næringsområde langs Fv49 vil endre landskapet for nærområdet til næringsområdet. Ein legg til grunn at heile arealet vert omdisponert og tilrettelagt for tradisjonell næringsverksemd.	Negativ konsekvens	-1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftstinteresser innanfor arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert jordbruksinteresser innanfor arealet. Skog med særst høg bonitet er innanfor arealet, men det er inga aktiv skogsdrift i området. Opprinneleg innspel inkluderte eit større myrområde i nordleg del. I samråd med jordbrukssjef er potensielt framtidig jordbruksområde tatt ut av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Arealet ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.	Ingen konsekvens	0

SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Arealet ligg ikkje i tilknytning til større og konsentrerte bustadområde. I høve til potensiale for problem med støy og anna forureining er området eigna for næringsverksemd</p> <p>Næringsarealet er skissert i eit framtidig perspektiv og vil skapa auka aktivitet i området og kommunen. Det er lokalisert strategisk til langs aksan Uggdal-Våge. Det er grunn til å tru at etablering av nytt næringsområde vil skapa nye arbeidsplassar både i anleggsfasen og driftsfasen. Avhengig av type næring kan nytt næringsareal skape positive ringverknader for Tysnes kommune og andre verksemdar i området og regionen. Ny og vidareutvikling av nærings-/industriområde vil vere positivt for Tysnes kommune, både i høve til arbeidsplassar samt potensiale for tilflytting og auke i folketal.</p>	Positiv konsekvens	+2
	Barn og unge	Tiltaket har ikkje direkte relevans for barn og unge sine interesser.	Ingen konsekvens	0

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Snøskred. Utløps- og utløyningsområde for snøskred. Snøskred treff næringsområde.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Store delar av arealet er innanfor sone for snøskred. Klimatiske tilhøve gjer at snøskred i praksis ikkje utgjør noko faremoment.
2. Fare for steinsprang/skred. Steinblokk treff næringsområde.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Store delar av arealet er utsett for steinsprang. Det er ikkje varig opphald innanfor arealet.
3. Flaum (200 års). Bekk flaumar over og vatn på næringsområde. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Det er to elv/bekkestrenger som går gjennom arealet. Delvis er elv/bekkaner knytt til avrenning frå myr område. Det er ikkje varig opphald innanfor arealet.
4. Stråling. Stråling frå høgspenning. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspenning over tid.	Det er ei høgspenningline som går gjennom arealet.
5. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det må etablerast ny avkøyring frå Fv49. Ein føreset at ny avkøyring er akseptabel i høve til gjeldande krav. Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT er 1600. Det er registrert ei trafikkulukke, lettare skadd, i nærområdet til næringsområdet.
6. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg koplå saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t. Det er ikkje eige felt for mjuke trafikantar langs Fv49 mot Våge, med unntak av eit strekke når ein nærmar seg Våge sentrum.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1																				
	2		5																		
	3		6									5	6	3							
	4		4	1	2	3							1	2							
	5																				
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

- 1 og 2. Det vert lagt faresone for byggeareal som overlappar med risiko for steinsprang eller snøskred. Krav om undersøking av rasfare og etablering av sikringstiltak om nødvendig.
3. Det vert lagt byggegrense på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar. Flaumundersøking. Risikoreduserande tiltak som sikrar arealet.
5. Betring av vegstandard og kryssløysning. Detaljplan må vurdere trafikktryggleik.
6. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Næringsarealet er plassert i eit framtidig perspektiv, og vil kunne skape auka aktivitet i området og i kommunen.
- Arealet har ei strategisk plassering mellom Våge og Uggdal.

##### Negative konsekvensar:

- Punktering av areal utan større inngrep. Arealet vil ha negativ nærverknad.
- Arealet er utsett for snøskred og steinsprang.

Areal for næring er tilrådd med bakgrunn i tilrettelegging for framtidig næringsutvikling i Tysnes kommune.

### 3.3.11 Areal T-11

Krins: Tysnes

Lokalisering: Teigland

Gnr/bnr: Bustad: 88/1, 2, 3, 7, 8, 14, 19, 28, 58, 61, 66 - 89/7, 61, 62

Noverande planstatus: LNF

Forslag til nytt arealføremål: Bustad

Storleik: ca. 9,6 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert på Teigland, vest for Våge.

Arealet er lokalisert i sjønært kulturlandskap med innslag av skog med særst høg bonitet.

Grenser til jordbrukslandskap i vest og bustadfelt i sør og aust.

Arealet er ei utviding av eksisterande bustadføremål.

Det er sett byggegrense mot sjø for arealet.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAK/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf. relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Landskapet er sjønært med skrånande profil mot sjølinje. Arealet er delvis utbygd med eksisterande naust- og husmiljø. Skog med særst høg bonitet er dominerande i landskapet. Bustadtomtane i området ber preg av store tomter og spreidd busetnad. Bustadområdet vert liggjande i bakkant av eksisterande naustrekke. Arealet vil ha fjernverknad frå sjø, men då arealet er tett opp til sentrum og eksisterande bustadfelt vil ikkje endringa vere stor.	Ingen til negativ konsekvens	0/ -1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde - verdi viktig - dekkjer 3,1 prosent av areal langs sjø. Friluftsområdet er knytt til strandsone og sjø. Det er ei naustrekke ved sjøen. Det er viktig av tilkomst til naustområde og sjølinja ikkje vert nedbygd/hindra.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	0,8 prosent (70 kvm) av arealet i sør-vestre hjørne er i konflikt med innmarksbeite. Kjerneområde landbruk dekkjer 0,4 daa i sørvest. Arealet vil ikkje ha påverknad på tilgrensande jordbruksareal.	Ingen til negativ konsekvens	0/ -1
	Strandsone	Heile arealet ligg i 100-metersbeltet. Det er eksisterande naustrekke langs sjølinja.  Funksjonell strandsone er trekt i front av	Negativ til ingen konsekvens	-1/ 0

		eksisterande bygningar og vegnett. Deler av nytt bustadereal ligg innanfor funksjonell strandsone. Det er sett byggegrense for bustadarealet. Byggegrensa er sett langs funksjonell strandsone, samt 2 meter frå fasadeliv på eksisterande bustad.		
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Tysnes krins har hatt størst vekst i kommunen, og det er eit mål å leggje til rette for at denne veksten kan halde fram. Arealet kan sjåast som ei naturleg utviding av Våge sentrum for nye bustader.</p> <p>Kommunikasjonsmessig er Våge sentralt for sambandet mot Halhjem og Bergen. Ei open problemstilling er endeleg avgjerd i høve framtidig trasè for kyststamvegen over Tysnes, og moglege konsekvensar for kommunikasjons- og tettstadutvikling i kommunen.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	<p>Området er sentrumsnært med relativt kort veg til ulike tilbod for barn og unge. Tysnes skule har tilbod for 5.-10. klasse, medan 1.-4. klassingar må reise til Uggdal skule. Næraste barnehage er Vågsmarka barnehage, like sør for Våge sentrum.</p> <p>Det er også kort veg til Tysneshallen, ein fleirbrukshall som i tillegg til diverse idrettstilbod også inneheld Tysnes folkebibliotek og høve for andre kulturaktivitetar.</p>	Positiv konsekvens	+1

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Flaum (200 års). Bekk flaumar over og vatn på bustader. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Arealet grenser til ein bekk i austleg del og ein i vestre del. Bekkane kan vurderast som flaumbekkar.
2. Stormflo, høg vasstand mm. Skadar av store bølger. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Klimaendringar. Solfase, årstid etc. Naturfenomen. Ekstrem vind.	Høgaste vasstand med intervall på 20 år er 1,40 moh. Krav til minimum byggehøgde over normal vasstand for bygg med isolasjon/varig opphald.
3. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det vert føresett at eksisterande avkøyring frå Fv85 kan nyttast for nye einingar. Fartsgrensa på Fv85 er 80 km/t og ÅDT er 200. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
4. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg	Fartsgrensa på Fv85 er 80 km/t og ÅDT er 200. Det er ikkje gangveg

	køyring.	frå avkøyring før ein nærmar seg Våge sentrum.
--	----------	--

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Samnsyn	1																				
	2																				
	3	3	4									3	4	1							
	4			1																	
	5																				
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Det vert lagt byggegrense på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar.
3. Betring av vegstandard og kryssløysningar.
4. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Fortetting av bustadområde i Våge er positivt for vidare utvikling og vekst.
- God infrastruktur, kort avstand til handels- og kommunikasjonsenteret Våge.
- Sentrumsnært med god tilgang til skule, barnehage og fritidstilbod.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.
- Det er sett byggegrense mot sjø.

##### Negative konsekvensar:

- Konflikt med 100-metersbeltet og funksjonell strandsone.
- Eit lite areal er i konflikt med jordbruksinteresser.

Arealet vert tilrådd med grunngjeving i mål om fortetting og utviding av eksisterande bustadfelt.

### 3.3.12 Areal T-12

Krins: Tysnes  
Lokalisering: Gjerstad


Gnr/bnr: 96/2

Noverande planstatus: LNF  
Forslag til nytt arealføremål: Bustad  
Storleik: ca. 56,6 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert på Gjerstad. Arealet er lokalisert i eksisterande kulturlandskap, og grensar i sør til Fv49 og sentrumsfunksjonar som butikk, skule og fritids- og kulturtilbod (Tysneshallen).

Arealet er eit nytt bustadareal med ønskje om utbygging av 12 bustadtomter.




#### 1. gongshandsaming og høyring

Areal for bustad er tilrådd med bakgrunn i kommunal prioritering av bustad- og bygdeutvikling.

#### Konklusjon etter 1. gongshandsaming og høyring

Det er knytt motsegn til arealet. Arealet er trekt ut av planframlegget.

3.4 LUNDE





### 3.4.1 Areal L-01

Krins: Lunde

Lokalisering: Humlevik (to areal)

Gnr/bnr: 108/27 (vest) – 108/1,55 (aust)

Noverande planstatus: LNF

Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad


Storleik: 2,3 daa (vest), 10,5 daa (aust)

#### Områdeskildring:

Områda er lokaliserte på nordsida av Fv49 i nærleik til kulturlandskap og eksisterande bustader.

Begge områda er utviding av eksisterande LNF-spreidd bustadsone. Det vestlege arealet har bakgrunn i optimalisering av og eigna plassering av bustadtomt, med utgangspunkt i terrengmessige forhold. Austleg areal har bakgrunn i justering i forhold til eksisterande eigedomsgrenser.

Arealet og eksisterande LNF-spreidd sone opnar for ei ny eining i tillegg til tre som ligg inne frå før.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAK/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor arealet, jf. relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Vestleg areal: Generelt bratt terreng mot sjø i forkant av arealet. Skog med særskilt høg bonitet. Utbygging av tomt kan ha fjernverknad med plassering med utsikt mot sjø. Austleg areal: Kupert med hellande terrengprofil mot aust. Eksisterande veg i sørleg del. Skog med høg og særskilt høg bonitet.	Negativ konsekvens	-1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av areala.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Vestleg areal: 55 prosent av arealet er innanfor regionale friluftsområde, verdi registrert. Topografiske forhold gjer området lite eigna for ålmann ferdsel. Areal skapar ingen barriere for friluftstinteresser.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert jordbruksinteresser innanfor arealet. Skog med høg og særskilt høg bonitet er innanfor areala, men det er ikkje kjent at det er aktiv skogsdrift i området.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Vestleg areal er innanfor 100-metersbeltet. Det er bratt terreng mellom areal og strandlinje, med kortaste avstand om lag 60 m i luftlinje. Austleg areal er i konflikt med 100-metersbeltet i nord-austre del. Minste avstand til sjø er 70 meter. Strandsone i dette området er delvis utbygd med overflatedyrka jord ned til sjø.	Ingen konsekvens	0

SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>I tråd med planprogrammet kan spreidd busetnad i LNF vere attraktivt for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden. Det er også vurdert positivt for bygdeutvikling i Lundegrend som er ei av bygdene i kommunen som har hatt vekst i folketalet. Kommunen ønskjer å leggje til rette for ein slik vidare vekst.</p> <p>Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av fem LNF-spreidd bustad areal i Lunde krins med totalt omfang 23 einingar.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.</p> <p>Området har god infrastruktur, og er i relativt kort avstand til offentlege og private tenester i både Våge og Lunde.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	<p>Det er om lag 2 km til Lunde skule, som for tida har tilbod for 1.-6. trinn. Ungdomstrinnet er lagt til Tysnes skule.</p> <p>Det er barnehagar i både Lunde og Våge. Fritidstilbod er i rimeleg nærleik, t.d. fleirbrukshallen Tysneshallen, om lag 6 km vestover.</p>	Positiv konsekvens	+1

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Snøskred. Utløysningsområde for snøskred. Snøskred treff naustområde og småbåtanlegg.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Store delar av arealet i aust er innanfor sone for snøskred.
2. Steinsprang. Utløysningsområde for steinsprang. Ras treff bustadhus.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Sørleg del av areal i aust ligg innanfor sone for steinsprang. Det vert lagt til rette for varig opphald innanfor arealet.
3. Støy frå veg (Fv49). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv49).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Delar av LNF-spreidd sona i aust ligg innanfor gul sone i støyvarslingskart. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støyplagar.
4. Stråling. Stråling frå høgspant. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspantleidning over tid.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Høgspantleidning følgjer Fv49. På bakgrunn av generell byggegrense mot veg, samt krav til avstand frå høgspant for heilårsbustader vert sannsynet

		justert ned.
5. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det er eksisterande avkøyring frå Fv49. Det vert føresett at denne kan nyttast for nye tomter. Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 1000. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
6. Ulukke med gåande/syklande. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksam førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 1000. Det er ikkje eige felt for mjuke trafikantar langs Fv49.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Samnsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	5	3 6	■	■	■	■	■	■	■	■	5 6	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	4	1 2	■	■	■	■	■	■	■	■	1 2	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreducerande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiningar.

- 1 og 2. Det vert lagt faresone for byggeareal som overlappar med risiko for steinsprang eller snøskred. Krav om undersøking av rasfare og etablering av sikringstiltak om nødvendig.
3. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreducerande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
4. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.
5. Betring av vegstandard og kryssløysning.
6. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar og vidare vekst i Lunde krins. Positivt for demografi og bygdeutvikling
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn. God tilgang til skule, barnehage og fritidstilbod.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

##### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar, med mogleg fjernverknad frå sjø for vestleg areal.
- Store delar av arealet i aust er innanfor sone for snøskred. Sørleg del av areal i aust ligg innanfor sone for steinsprang.
- Deler av begge areala ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø.

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Lunde krins. Arealet legg til rette for spreidde bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning.

### 3.4.2 Areal L-02

Krins: Lunde

Lokalisering: Bakka

Gnr/bnr: 114/12 - 115/1,2,3,14,33 - 116/1,10

Noverande planstatus: LNF

Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad

Storleik: ca. 31,6 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert på Bakka i typisk kulturlandskap med aktivt gardsdrift. Mindre område med skog av sær høg bonitet. Fylkesveg 49 passerer sør for området.

Det er ønskje om fortetting med inntil fem nye bustader.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	I nordaustleg del av området er det registrert gammal fattig edellauvskog, verdi lokalt viktig. Konfliktområdet er i ytterkant av den registrerte naturtypen. Konsekvens er avhengig av plassering av tiltak ved om nye tiltak vil ha direkte arealbeslag eller om det er indirekte påverknad.	Negativ konsekvens ved direkte arealbeslag	-1
	Landskap	Kulturlandskap i småkupert terreng. Belte med skog i nordre del, og dyrka mark i sørleg område. Det er fleire eksisterande bustadhus innanfor arealet. Konsekvens for landskap er avhengig av plassering av bustadtomter.	Ingen til negativ konsekvens	0/ -1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsiinteresser innanfor arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Kjerneområde landbruk dekkjer 100 prosent av arealet. Vidare er arealet i konflikt med fulldyrka mark (43,7 prosent, 14,3 daa) og innmarksbeite (10,7 prosent, 3,5 daa). Konsekvensar for jordbruket er avhengig av plassering av nye einingar. Arealet opnar for fem nye einingar innanfor eit område på over 30 da.  Området er vurdert av jordbrukssjef med følgjande merknad: Omsøkte tiltak kan akseptarast på vilkår av at dyrka jord (fulldyrka/overflatedyrka/innmarksbeite) ikkje vert berørt og minimum minsteavstand til driftsbygningar overhalde. Tomteplassering	Stor negativ konsekvens ved direkte arealbeslag	-2

SAMFUNN		må gjerest etter samla vurdering/plan og før tiltak vert iverksett. Desse momenta vert lagt i føresegner for LNF-spreidd bustad.		
	Strandsone	Arealet ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.		
	Samfunnsmessige tilhøve	<p>I tråd med planprogrammet kan spreidd busetnad i LNF vere attraktivt for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden. Det er også vurdert positivt for bygdeutvikling i Lundegrend som er ei av bygdene i kommunen som har hatt vekst i folketalet. Kommunen ønskjer å leggje til rette for ein slik vidare vekst.</p> <p>Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av fem LNF-spreidd bustad areal i Lunde krins med totalt omfang 23 einingar.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.</p> <p>Området har god infrastruktur, med kort veg til butikk og skule i Lunde.</p>	Positiv konsekvens	+1
Barn og unge	<p>Lunde skule, som for tida har tilbud for 1.-6. trinn, er lokalisert tvers over Fv49 frå arealet. Ungdomstrinnet er lagt til Tysnes skule. Lunde har også eigen barnehage.</p> <p>Det er gode høve for ulike fritidstilbod i denne delen av Tysnes, mellom anna er fleirbrukshallen Tysneshallen innan fornuftig rekkevidde med omsyn på idretts- og kulturaktivitetar.</p>	Positiv konsekvens	+1	

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Støy frå veg (Fv49). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv49).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Delar av LNF-spreidd sona ligg innanfor gul sone i støyvarslingskart. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støyplogar.
2. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det vert føresett at eksisterande avkøyringar til eksisterande tomter kan nyttast for nye tomter. Fartsgrensa er 50 km/t og ÅDT på Fv49 er 1000. Ingen

		registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
3. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 50 km/t og ÅDT på Fv49 er 1000. Det er ikkje eige felt for mjuke trafikantar langs Fv49.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	2	1	■	■	■	■	■	■	■	■	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreduserande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone
2. Betring av vegstandard og kryssløysning.
3. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar og vidare vekst i Lunde krins. Positivt for demografi og bygdeutvikling
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- God infrastruktur med kort veg til butikk og skule.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn. God tilgang til skule, barnehage og fritidstilbod.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

##### Negative konsekvensar:

- Naturtype, gammal fattig edelauvskog, er registrert i nordaustleg del av området.
- Konflikt med landbruksinteresser, men avklaring med jordbrukssjef og i føresegner.

#### 1. gongshandsaming og høyring

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Lunde krins. Arealet legg til rette for spreidde bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning. Negative konsekvensar er avhengig av plassering av tiltak. Vurdering frå jordbrukssjef er at landbruksinteresser kan vike for samfunnsinteresser.

#### Konklusjon etter 1. gongshandsaming og høyring

Det er gjort justeteringar på sona. Arealet er redusert etter semnje i møter med fylkesmannen.

### 3.4.3 Areal L-03

Krins: Lunde

Lokalisering: Malkenes, Solsvika

Gnr/bnr: 121/1,103

Noverande planstatus: LNF


Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad

Storleik: ca. 50,7 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert på Malkenes, like aust for fylkesveg 49. Småkupert område med skog og open mark. Skog med særskilt høg og høg bonitet. Grensar til mindre bustadfelt i sør-aust. Arealet er ei utviding av eksisterande LNF-spreidd areal i sør.

Det er ønske om fortetting med inntil åtte bustader.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAK/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Småkupert terreng med blanding av skog og open mark. Mot sjølinje går terrenget bratt frå om lag 35 m.o.h. Arealet ligg på eit platå med eksponering mot fjorden. Landskapsmessig kan dette ha fjernverknad. Konsekvens for landskap er avhengig av plassering av bustadtomter.	Negativ konsekvens	-1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsliv innanfor arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert jordbruksinteresser innanfor arealet. Skog med særskilt høg og høg bonitet. Det er ikkje registrert skogsdrift i området.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Ei smal stripe langs nordaustleg del av arealet er i konflikt med 100-metersbeltet. På det minste er arealet om lag 50 m frå strandlinja. Dette er for å inkludere eksisterande bustadtomt. Elles er arealet om lag 80 m frå strandlinja. Delar av kystlinja utgjer eksisterande tiltak, mellom anna naust. Konsekvens for 100-metersbeltet er avhengig av plassering av tiltak.	Ingen til negativ konsekvens	0/ -1
SAMFU NN	Samfunnsmessige tilhøve	I tråd med planprogrammet kan spreidd busetnad i LNF vere attraktivt for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden. I eit bygdeutviklingsperspektiv er	Positiv konsekvens	+1

	<p>tiltaket positivt med omsyn på tilrettelegging for tilflytting til bygda Malkenes.</p> <p>Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av fem LNF-spreidd bustad areal i Lunde krins med totalt omfang 23 einingar.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.</p>		
Barn og unge	<p>Lunde skule, som for tida har tilbod for 1.-6. trinn, er lokalisert om lag 6 km vestover. Ungdomstrinnet er lagt til Tysnes skule. Lunde har også eigen barnehage.</p> <p>Området er i utgangspunktet barnevenleg, med god tilgang til fritidsaktivitetar både i nærmiljøet og i bygdene Lunde og Våge.</p>	Positiv konsekvens	+1

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. a. Støy frå veg (Fv49). Redusert helse og trivsel 1. b. Potensiale for støy frå avsett areal til industri vest for Fv49.	a. Støy frå trafikk på veg (Fv49). b. Støy frå industri.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. a. Deler av LNF-spreidd sona ligg innanfor gul sone i støyvarslingskart. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støyplagar. b. Industriarealet er ikkje opparbeidd. Risiko for støy avhenger av type industri/næring som vert etablert. Bedrifter skal følgja gjeldande krav til støy.
2. Stråling. Stråling frå høgspent. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspenteleidning over tid.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Høgspenteleidning følgjer Fv49. På bakgrunn av generell byggegrense mot veg, samt krav til avstand frå høgspent for heilårsbustader vert sannsynet justert ned.
3. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det vert føresett at eksisterande avkøyring til eksisterande tomter i sør kan nyttast for nye tomter. Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 450. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
4. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 450. Det er ikkje eige felt for mjuke trafikantar langs Fv49.



		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Samnsyn	1	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red
	2	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red
	3	3	1a 4	Red	Red	Red	Green	Green	Yellow	Red	Red	3 4	Yellow	Yellow	Red	Red	Green	Yellow	Yellow	Red	Red
	4	Green	1b 2	Yellow	Red	Red	Green	Green	Yellow	Red	Red	Green	Green	Yellow	Red	Red	Green	Green	Yellow	Yellow	Red
	5	Green	Green	Yellow	Yellow	Yellow	Green	Green	Green	Yellow	Yellow	Green	Green	Yellow	Yellow	Yellow	Green	Green	Green	Yellow	Yellow
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreduserande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone
2. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.
3. Betring av vegstandard og kryssløysning.
4. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar og vidare vekst i Lunde krins. Positivt for demografi og bygdeutvikling
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- God infrastruktur med relativt kort veg til butikk, barnehage og skule i Lundegrend.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

##### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar, eksponering mot fjord kan gje fjernverknader.
- Deler av arealet ligg i 100-metersbeltet mot sjø.

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Lunde krins. Arealet legg til rette for spreidde bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning.

### 3.4.4 Areal L-04

Krins: Lunde

Lokalisering: Kattenes

Gnr/bnr: 121/1,103

Noverande planstatus: LNF


Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad

Storleik: ca. 8,2 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert på Kattenes. Småkupert område med skog og open mark. Skog med særskilt høg bonitet. Omkringliggjande kulturlandskap med gardsdrift.

Det er ønske om fortetting med inntil tre bustader.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Landskapet er småkupert med omkringliggjande kulturlandskap og gardsdrift. Konsekvens for landskap er avhengig av plassering av bustadtomter.	Ingen til negativ konsekvens	0/ -1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivsinteresser innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert jordbruksinteresser innanfor arealet. Skog med særskilt høg bonitet, men denne er ikkje ein del av større skogsareal. Det er ikkje kjent skogsdrift i området.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Mindre område i søraustleg del av arealet er i konflikt med 100-metersbeltet. Det er fleire eksisterande bustadhus og andre tiltak nærare sjø enn nytt LNF-spreidd areal.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	I tråd med planprogrammet kan spreidd busetnad i LNF vere attraktivt for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden.  Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av fem LNF-spreidd bustad areal i Lunde krins med totalt omfang 23 einingar.  Det er eksisterande infrastruktur i området,	Positiv konsekvens	+1

		t.d. ikkje naudsynt med ny avkøyring frå Fv49.  Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.  Fortetting i området kan også sjåast i samanheng med etablering av småbåthamn i innspel L-10, Gjerdsvika.		
Barn og unge		Det er om lag 2 km til Lunde skule, som for tida har tilbod for 1.-6. trinn. Ungdomstrinnet er lagt til Tysnes skule. Lunde har også eigen barnehage.  Området er i utgangspunktet barnevenleg, med god tilgang til fritidsaktivitetar både i nærmiljøet og i bygdene Lunde og Våge.	Positiv konsekvens	+1

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Stråling. Stråling frå høgspenst. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspenstleidingning over tid.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Høgspenstleidingning går tvers gjennom arealet. Krav til avstand til høgspenstleidingning gjer at sannsynet vert justert ned.
2. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 30 km/t. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
3. Ulukke med gåande/syklende langs kommunal veg. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 30km/t. ÅDT er ikkje registrert. Det er ikkje eige felt for mjuke trafikantar langs vegen.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Samnsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	2	3	■	■	■	■	■	■	■	■	2	3	■	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreducerande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreingar.

1. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.
---

## TILRÅDING:

### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar og vidare vekst i Lunde krins. Positivt for demografi og bygdeutvikling
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- God infrastruktur med relativt kort veg til butikk, barnehage og skule i Lundegrend.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar som følgje av tiltak.

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Lunde krins. Arealet legg til rette for spreidde bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning.

### 3.4.5 Areal L-05

Krins: Lunde

Lokalisering: Lunde kai

Gnr/bnr: Sjø

Noverande planstatus: FBO-FNF

Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn

Storleik: ca. 2,6 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert ved Lunde kai i nærleik til industriområde og Lunde Båtbyggeri. Tilgrensande bustadfelt mot vest.

Areal sør for tiltaket er i dag industriområde og inneheld mellom anna ein større parkeringsplass. Dette arealet er regulert i plan. I dette området er det ønskje om å endre arealføremål for inkludering av parkeringsplass, båtoppdrag og serviceanlegg. Lunde Båtlag ønskjer med dette å sikre området for sjørelatert bruk også i framtida. Endring av landbasert arealføremål vil skje i reguleringsplan.

Arealet er utvida noko i forhold til opprinneleg innspel, gjeld inkludering av flytebrygger i austleg del. Det er 56 båtplassar i dag. Ingen nye er planlagt.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Landskapet i området er prega av utbygging med både bustad og industriverksemd. I sør og vest er landskapet småkupert. Endringar i sjøareal vil ikkje ha konsekvens for landskapsmessige forhold.	Ingen konsekvens	0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet. Det er registrert eit verneverdig kulturmiljø i Lunde vågen. Kulturmiljøet er referert som eit naust- og industrimiljø. Det er viktig at nye tiltak ikkje bryt med eksisterande kulturmiljø.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde - verdi registrert - dekkjer heile arealet for småbåthamn. Det er ikkje kjent at areala har viktige friluftskvalitetar. Etablering av småbåtanlegg vil medverke til å fremje friluftslivet på sjøen.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Arealet er lokalisert. Temaet er ikkje relevant.		
	Strandsone	Arealet er ei utviding av eksisterande småbåthamn. Fortetting i eksisterande sjøbruksmiljø vil ha liten konsekvens for 100-metersbeltet og tilgjenge for ålmenta i strandsona.	Ingen konsekvens	0

SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Tiltaket har mellom anna bakgrunn i sterke ønske frå Lunde Båtlag om tilrettelegging for og sikring av areal for framtidig drift av småbåtanlegg.</p> <p>Det er stor etterspurnad etter båtplassar i Lunde og i kommunen generelt. Kommunen har difor valt å legge til rette for fleire båthamner i Lunde krins.</p> <p>Tiltaket er i tråd med planprogrammet som prioriterer tilrettelegging av sjøtilknytt fritidsaktivitetar, som hovudregel i naust- og småbåtanlegg/-hamn. Arealet er i tråd med nedfelt målsetjing om at bygging av tiltak i sjø skal avgrensast til areal med eksisterande tiltak. Arealet vil medverke til etablering av trygge båtplassar/hamn.</p> <p>Grunneigar er positiv til omregulering av noverande næringsareal i tråd med ønske frå båtlaget.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	Tiltaket har ikkje direkte relevans for barn og unge sine interesser.	Ingen konsekvens	0

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Flaum (200 års). Bekk flaumar over. Skade på bryggekonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Elva er relativt stor. Føresegnene sett krav om at tiltak i sjø skal dimensjonerast etter lokale forhold.
2. Stormflo, høg vasstand mm. Skadar av store bølger. Vasskade på byggkonstruksjonar, og skade på flytebrygge/kai.	Klimaendringar. Solfase, årstid etc. Naturfenomen. Ekstrem vind.	Høgaste vasstand med intervall på 20 år er 1,40 moh. Føresegnene sett krav om at tiltak i sjø skal dimensjonerast etter lokale forhold.
3. Skipstrafikk. Uluke mellom småbåtar, og mellom småbåtar og hamn.	Auka trafikk i sjø.	Låg fart. Inga tiltak som hindrar god innfart/manøvrering ved hamn.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Samnsyn	1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	2	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	3	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	4	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Det vert lagt byggegrense på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar.
2. Dimensjonering etter lokale tilhøve.
3. God markering av innløp og hamn.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tiltaket vil møte ei stor etterspurnad i Lundegrend for båtplassar og bidra til tilrettelegging for ulike båtlagsaktivitetar.
- Arealet er ei utviding av eksisterande båthamn.
- Arealet vil medverke til etablering av trygge båtplassar og hamnetilhøve.
- Tilgjenge til sjø er eit viktig attraksjonsmoment for å halde på og skaffe nye innbyggjarar..

##### Negative konsekvensar:

- Ingen særskilte negative konsekvensar er registrert.

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i stor etterspurnad etter småbåtplassar lokalt i Lundegrend og generelt i kommunen. Samstundes er det ønskje om å legge til rette for sjøtilknytt fritidsaktiviteter og etablering av trygg hamn/båtplassar.

### 3.4.6 Areal L-06

Krins: Lunde

Lokalisering: Hetledalen


Gnr/bnr: 108/3

Noverande planstatus: FBO-FNF (KL), LNF  
Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn  
Storleik: ca. 2,5 daa

#### Områdeskildring:

Arealet er lokalisert i Hetledalen, og vert ei nordvendt småbåthamn. Det er bratt tilkomst frå fylkesveg 49. Strandlinja i og ikring området er ikkje utbygd.

Det er ønskje om ny småbåthamn med tilhøyrande tilførselsveg frå Fv49 og parkeringsplass. Ny småbåthamn vil gi plass til 48 nye båtplassar.



#### 1. gongshandsaming og høyring

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i stor etterspurnad etter småbåtplassar lokalt i Lundegrend og generelt i kommunen. Samstundes er det ønskje om å legge til rette for sjøtilknytt fritidsaktiviteter og etablering av trygg hamn/båtplassar.

#### Konklusjon etter 1. gongshandsaming og høyring

Det er knytt motsegn til arealet. Arealet er trekt ut av planframlegget.



### 3.4.7 Areal L-07

Krins: Lunde  
Lokalisering: Solsvika


Gnr/bnr: 121/1

Noverande planstatus: FBO-FNF, LNF  
Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn og parkering  
Storleik: ca. 5,7 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert i Solsvika, med eksisterande naustmiljø nord og sør for arealet. Solsvika er godt skjerma mot vind frå sør og nord, men er meir utsett for austavind. Landarealet utgjør skog med særskilt høg bonitet.

Det er ønske om etablering av småbåtanlegg med tilhøyrande parkering nord for arealet. Tiltaket vil gi 48 nye båt plassar.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAK/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Terrenget er relativt bratt i bakkant av området. Strandsona i denne delen av Solsvika er ei blanding av urørt område og naustmiljø i samanheng med kulturlandskap. Utbygging innanfor valt område vil utvide landskapsinngrep i 100-metersbeltet i Solsvika. Tiltaket vil ha nær- og fjernverknad.	Negativ konsekvens	-1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde - verdi registrert - dekkjer område i sjø. Friluftsområdet er knytt til strandsona og sjø. Etablering av tiltak i sjø vil gjere direkte arealbeslag i sjø. Samstundes fremjar etablering av småbåtanlegg friluftslivet på sjøen.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert jordbruksinteresser innanfor areal for småbåtanlegg. Nordleg del av parkeringsareal er i konflikt med innmarksbeite.	Ingen konsekvens	0
	Strandsona	Heile arealet er i konflikt med 100-metersbeltet. Sjå kommentar under tema Landskap.	Negativ konsekvens	-1
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Det er eksisterande naustområde, samt LNF-spreidd areal i nærleiken av tiltaka. Tiltaket vil stetta behov i nærområde og auke attraktiviteten for nye bustadområdet i nærområdet. Etablering av småbåthamn kan også redusere presset på strandsona i samband med ønske om naustbygging.	Positiv konsekvens	+1

	<p>Generelt er det stor etterspurnad etter naust og båtplassar i Tysnes kommune. Tiltaket er i tråd med planprogrammet som prioriterer tilrettelegging av sjøtilknytt fritidsaktivitetar, som hovudregel i naust- og småbåtanlegg/-hamn.</p> <p>Arealet er i tråd med nedfelt målsetjing om at bygging av tiltak i sjø skal avgrensast til eksisterande naust- og sjøhusmiljø.</p>		
Barn og unge	Tiltaket har ikkje direkte relevans for barn og unge sine interesser.	Ingen konsekvens	0

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Snøskred. Utløps- og utløsningsområde for snøskred. Snøskred treff småbåtanlegg.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Store delar av arealet er innanfor sone for snøskred.
2. Stormflo, høg vasstand mm. Skadar av store bølger. Vasskade på byggkonstruksjonar, og skade på flytebrygge/kai.	Klimaendringar. Solfase, årstid etc. Naturfenomen. Ekstrem vind.	Høgaste vasstand med intervall på 20 år er 1,40 moh. Føresegnene sett krav om at tiltak i sjø skal dimensjonerast etter lokale forhold.
3. Skipstrafikk. Ulukke mellom småbåtar, og mellom småbåtar og hamn.	Auka trafikk i sjø.	Låg fart. Inga tiltak som hindrar god innfart/manøvrering ved hamn.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN					
Samnsyn	1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
	2	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
	3	3	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	4	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
Konsekvens																						

Risikoreducerande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Det vert lagt faresone for byggeareal som overlappar med risiko for steinsprang eller snøskred. Krav om undersøking av rasfare og etablering av sikringstiltak om nødvendig.
2. Dimensjonering etter lokale tilhøve.
3. God markering av innløp og hamn.

## TILRÅDING:

### Positive konsekvensar:

- Tiltaket vil møte ei stor etterspurnad i Lunde krins for båtplassar og bidra til tilrettelegging for ulike båtlagsaktivitetar.
- Etablering av småbåthamn i samband med eksisterande naustmiljø. Minskar presset på andre delar av strandsona.
- Tilgjenge til sjø er eit viktig attraksjonsmoment for å halde på og skaffe nye innbyggjarar..

### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar i Solsvika med både nær- og fjernverknader.
- Konflikt med 100-metersbeltet.
- Deler av arealet er utsett for snøskred.

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i stor etterspurnad etter småbåtplassar lokalt i Lundegrend og generelt i kommunen. Samstundes er det ønskje om å legge til rette for sjøtilknytt fritidsaktiviteter og etablering av trygg hamn/båtplassar.

### 3.4.8 Areal L-08

Krins: Lunde

Lokalisering: Synningsneset

Gnr/bnr: 120/1,2,3,4,8,25,26

Noverande planstatus: LNF


Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd naust og småbåtanlegg

Storleik: ca. 8,5 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert ved Synningsneset, eit smalt sund ved innløpet til Gripnesvågen. Det er fleire eldre nausttiltak innanfor arealet. Skog med særst høg bonitet. Det er eit eksisterande naustområde/miljø på motsett side av sundet.

Det er ønskje om fortetting av naustområde med inntil fem nye naust med båtplassar.



#### 1. gongshandsaming og høyring

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i stor etterspurnad etter småbåtplassar lokalt i Lundegrend og generelt i kommunen. Samstundes er det ønskje om å legge til rette for sjøtilknytt fritidsaktiviteter.

#### Konklusjon etter 1. gongshandsaming og høyring

Det er knytt motsegn til arealet. Arealet er trekt ut av planframlegget.

### 3.4.9 Areal L-09

Krins: Lunde

Lokalisering: Solsvika

Gnr/bnr: 121/4, 113, 114, 115, 116, 117 og 134

Noverande planstatus: FBO-AFNF og LNF

Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd naust og småbåtanlegg


Storleik: ca.. 3 daa

#### Områdeskildring:

Området ligg i Solsvika, og er eksponert mot ope fjordlandskap i retning nord-aust. Det er eksisterande naustmiljø både innanfor og i nærleiken av arealet. Terrenget er bratt i bakkant av arealet.

Det er ønskje om fortetting av noverande naustmiljø med eitt naust, kai og flytebyggjer. Det er etablert fem naust frå før av. Samla for arealet er også båtplassar for seks naust. Eksisterande tilførselsveg til området frå nord.

Arealet er justert noko i nordvestre hjørne i høve til opprinneleg arealinnspeil.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSA/R/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Skrånande og skogkledd terreng mot sjø. Det vil ikkje ha særleg landskapsmessige konsekvensar med fortetting av eksisterande naustmiljø.	Ingen konsekvens	0/
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde - verdi registrert - dekkjer det meste av området i sjø. Friluftsområdet er knytt til strandsone og sjø. Etablering av tiltak i sjø vil gjere direkte arealbeslag i sjø. Samstundes fremjar etablering av småbåtanlegg friluftslivet på sjøen.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert landbruksinteresser innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Heile arealet er i konflikt med 100-metersbeltet. Fortetting i eksisterande naustmiljø vil ha liten konsekvens for 100-metersbeltet og tilgjenge for ålmenta i strandsona.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Omdisponering til naustføremål vert sett på som ei stadfesting av eksisterande bruk og tidlegare dispensasjonssaker og godkjenning. Det vert rekna for ei naturleg utvikling av eksisterande naustmiljø å tilata eit nytt naust, samt tiltak i sjø.  Generelt er det stor etterspurnad for tilgang til naust og båtplassar i Tysnes kommune.	Positiv konsekvens	+1

	Tiltaket er i tråd med planprogrammet som prioriterer tilrettelegging av sjøtilknytt fritidsaktivitetar, som hovudregel i naust- og småbåtanlegg/-hamn. Arealet er i tråd med nedfelt målsetjing om at bygging av tiltak i sjø skal avgrensast til eksisterande naust- og sjøhusmiljø.		
Barn og unge	Tiltaket har ikkje direkte relevans for barn og unge sine interesser.	Ingen konsekvens	0

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Snøskred. Utløps- og utløsningsområde for snøskred. Snøskred treff naust.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Store delar av arealet er innanfor sone for snøskred. Klimatiske tilhøve gjer at snøskred i praksis ikkje utgjør noko faremoment.
2. Stormflo, høg vasstand mm. Skadar av store bølger. Vasskade på byggkonstruksjonar, og skade på flytebrygge/kai.	Klimaendringar. Solfase, årstid etc. Naturfenomen. Ekstrem vind.	Høgaste vasstand med intervall på 20 år er 1,40 moh. Tradisjonelle naustbygg er utan isolasjon og skal konstruksjonsmessig tåla noko vatn. Føresegnene sett krav om at tiltak i sjø skal dimensjonerast etter lokale forhold.
3. Skipstrafikk. Uluke mellom småbåtar, og mellom småbåtar og flytebrygge.	Auka trafikk i sjø.	Låg fart. Inga tiltak som hindrar god innfart/manøvrering ved hamn.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	■	3	■	■	■	■	■	■	■	■	■	3	■	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Det vert lagt faresone for byggeareal som overlappar med risiko for steinsprang eller snøskred. Krav om undersøking av rasfare og etablering av sikringstiltak om nødvendig.
2. Krav om minste byggehøgde for bygg mot sjø. Dimensjonering etter lokale tilhøve.
3. God markering av innløp og hamn.

## TILRÅDING:

### Positive konsekvensar:

- Tiltaket vil møte ei stor etterspurnad i Lunde krins for båtplassar og bidra til tilrettelegging for ulike båtlagsaktivitetar.
- Tiltaket er i tråd med planprogrammet som prioriterer tilrettelegging av naust og småbåtanlegg, som hovudregel i eksisterande naustmiljø.
- Arealet er ei stadfesting av eksisterande bruk og situasjon, samt ei fortetting av eksisterande naustmiljø.
- Tilgjenge til sjø er eit viktig attraksjonsmoment for å halde på og skaffe nye innbyggjarar..

### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar med både nær- og fjernverknader.
- Store delar av arealet er innanfor sone for snøskred.

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i stor etterspurnad etter småbåtplassar lokalt i Lundegrend og generelt i kommunen, samt stadfesting av eksisterande bruk og situasjon.

### 3.4.10 Areal L-10

Krins: Lunde

Lokalisering: Gripnesvågen

Gnr/bnr: 114/1, 24, 30, 31, 33 og 53 - 120/2

Noverande planstatus: FBO-FNF

Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn

Storleik: ca. 8,6 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert i Gripnesvågen, i eksisterande naustmiljø og hamn. Delar av arealet er utbygd med naust og molo, samt flytebryggje. Vika er langgrunn. Nærområdet utgjer kulturlandskap med gardsdrift.

Det er ønskje om utbygging av småbåthamn og marina, samt å stadfeste eksisterande bruk og situasjon slik at det vert samsvar mellom bruk og plan. Tilgrensande areal er regulert gjennom detaljplan. Arealet vil verta ei utviding av denne. Det er 24 båtplassar i dag. Ei utviding vil gi 12 nye båtplassar.

Arealet er justert noko i høve til opprinneleg arealinnspeil. Dette gjeld areal som inkluderer noverande flytebrygger.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSER/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er registrert konflikt med følgjande registrerte naturtypar, verdi viktig: Ålegrassamfunn, fjordar med naturleg lågt oksygeninnhald i botnvatnet, strandeng og strandsump. Utbygging og bruk av småbåthamn kan ha både direkte og indirekte konsekvensar for etablert økosystem.	Stor negativ konsekvens	-2
	Landskap	Landskapet er skrånande og skogkledt terreng mot sjø. Skog med særskilt høg bonitet. Fortetting av eksisterande naustmiljø og hamn har mindre landskapsmessige konsekvensar.	Ingen til negativ konsekvens	0/ -1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde - verdi registrert - dekkjer 78,8 prosent av arealet. Friluftsområdet er knytt til strandsone og sjø. Etablering av tiltak i sjø vil gjere direkte arealbeslag i sjø. Samstundes fremjar etablering av småbåtanlegg friluftslivet på sjøen.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert landbruksinteresser innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Heile arealet er i konflikt med 100-metersbeltet. Fortetting i eksisterande naust- og båthamn vil ha liten konsekvens for 100-metersbeltet og tilgjenge for ålmenta i strandsona.	Ingen konsekvens	0



SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Generelt er det stor etterspurnad for tilgang til naust og båtplassar i Tysnes kommune. Tiltaket er i tråd med planprogrammet som prioriterer tilrettelegging av sjøtilknytta fritidsaktivitetar, som hovudregel i naust- og småbåtanlegg/-hamn. Arealet er i tråd med nedfelt målsetjing om at bygging av tiltak i sjø skal avgrensast til eksisterande naust- og sjøhusmiljø. Arealet vil medverke til etablering av trygge båtplassar/hamn.	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	Tiltaket har ikkje direkte relevans for barn og unge sine interesser.	Ingen konsekvens	0

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Stormflo, høg vasstand mm. Skadar av store bølger. Vasskade på byggkonstruksjonar, og skade på flytebrygge/kai.	Klimaendringar. Solfase, årstid etc. Naturfenomen. Ekstrem vind.	Høgaste vasstand med intervall på 20 år er 1,40 moh. Føresegnene sett krav om at tiltak i sjø skal dimensjonerast etter lokale forhold.
2. Skipstrafikk. Ulukke mellom småbåtar, og mellom småbåtar og flytebrygge.	Auka trafikk i sjø.	Låg fart. Inga tiltak som hindrar god innfart/manøvrering ved hamn.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	2	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	3	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5	
	4	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Dimensjonering etter lokale tilhøve.
2. God markering av innløp og småbåthamn.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tiltaket vil møte ei stor etterspurnad i Lundegrend for båtplassar og bidra til tilrettelegging for ulike båtlagsaktivitetar.
- Etablering av småbåthamn i samband med eksisterande naust- og småbåtmiljø. Minskar presset på andre delar av strandsona.
- Arealet vil medverke til etablering av trygge båtplassar og hamnetilhøve.
- Tilgjenge til sjø er eit viktig attraksjonsmoment for å halde på og skaffe nye innbyggjarar..

##### Negative konsekvensar:

- Konflikt med naturtypar kan påverke økosystem negativt.
- Arealet ligg i 100-metersbeltet mot sjø og i sjø. Fortetting av eksisterande naustmiljø og hamn har mindre landskapsmessige konsekvensar.

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i stor etterspurnad etter småbåtplassar lokalt i Lunde krins og generelt i kommunen. Samstundes er det ønskje om å legge til rette for sjøtilknytt fritidsaktivitetar og etablering av trygg hamn/båtplassar.

### 3.4.11 Areal L-11

Krins: Lunde

Lokalisering: Slettene, Humlevik

Gnr/bnr: 108/3

Noverande planstatus: LNF


Framlegg til nytt arealføremål: Næring

Storleik: ca. 25 daa

#### Områdeskildring:

Arealet er lokalisert sør for fylkesveg 49, med lett skrånande terreng i bakkant. Det er om lag 320 meter langt og 85 meter breidt. Arealet og nærområdet utgjer skog med høg og særskilt høg bonitet.

Det er ønske om nytt næringsareal for steinuttak, lager og maskinstasjon for entreprenør.



#### 1. gongshandsaming

Arealet vert ikkje tilrådd som område for næring på bakgrunn av negativ landskapspåverknad og press på tilgrensande areal.

### 3.4.12 Areal L-12

Krins: Lunde

Lokalisering: Grimslund

Gnr/bnr: 111/4,8,14,32

Noverande planstatus: LNF


Framlegg til nytt arealføremål: Fritidsbustader

Storleik: ca. 31 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert på Grimslund, i småkupert landskap langs fylkesveg 49. Tre bygningar er innanfor arealet. Arealet består i hovudsak av grunnlendt mark og fjell i dagen, samt spreidd innslag av skog med særskilt høg bonitet og fulldyrka jord.

Det er ønske om nytt større hytteområde med reguleringsplan.



#### 1. gongshandsaming

Arealet vert ikkje tilrådd som område for fritidsbustader, på bakgrunn av det er fleire gjeldande og eigna hytteområde med potensiale for utbygging.

### 3.4.13 Areal L-13

Krins: Lunde  
Lokalisering: Myrdal

Gnr/bnr: 108/1,51

Noverande planstatus: LNF  
Framlegg til nytt arealføremål: Fritidsbustader  
Storleik: ca. 2,5 daa


#### Områdeskildring:

Området er lokalisert i småkupert og skogkledt landskap mellom Hagen og Myrdal. I hovudsak skog med sær s høg og høg bonitet. Veg passerer like vest for området.

Det er ønskje om å justere arealgrensar for eksisterande hytteområde sør for tiltaket med føremål å inkludere utskilte tomter. Fortetting med inntil tre nye hytter. Det er bygd tre hytter i eksisterande hytteområde.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innafør eller i nærleiken av arealet, jf. relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Landskapet er skogkledt med hellande terreng mot nord. Arealet er ei utviding av eksisterande hyttefelt mot sør. Arealet inkludert eksisterande hytteområde har ikkje fjernverknad, men til saman vil begge areala og full utbygging endre landskapsbiletet i området.	Negativ konsekvens	-1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsliv innanfor eller i nærleiken av arealet. Vegen opp til Myrdal er ein av innfallsportane til Tysnessåto.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert jordbruksinteresser innanfor eller i nærleiken av arealet. Skog med sær s høg og høg bonitet. Det er ikkje kjennskap til aktiv skogsdrift i området.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Arealet ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Arealet og eksisterande hytteareal ligg attraktivt til med kort avstand til sjø, fjell og utmark. Det er gode tilhøve for aktivt friluftsliv.  Det er inga særskilte samfunnsmessige omsyn å vise til for dette tiltaket. Tiltaket vil først og fremst bidra til å rette opp og rydde i relevante grensar for eksisterande arealbruk. Sjå figur nedanfor for samanheng med	Ingen til positiv konsekvens	0/ +1

	eksisterande hytteområde.			
Barn og unge	Tiltaket har ikkje direkte relevans for barn og unge sine interesser.		Ingen konsekvens	0

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Utlukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Avkøyring frå Fv49 er uoversiktleg og er skarp ved innkøyring frå aust. Vegen frå Fv49 opp til hytteområdet er smal og svingete, samt relativt bratt.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	2	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	3	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	4	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
		Konsekvens																			

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Betring av vegstandard og kryssløysning.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:


- Tilpasning/opprydning i grenser for eksisterande arealbruk.

##### Negative konsekvensar:

- Endring av landskapsbiletet som følgje av utbygging av heile hyttefeltet.

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i justering av arealgrenser for eksisterande tiltak.

3.5 ONARHEIM



### 3.5.1 Areal O-01

Krins: Onarheim

Lokalisering: Nord for Hagareset

Gnr/bnr: 151/1

Noverande planstatus: LNF

Framlegg til nytt arealføremål: Bustad

Storleik: ca. 25,2 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert vest for fylkesveg 78, om lag 1,5 km nord for Onarheim sentrum.

Terrenget er lett skrånande mot Onarheimsfjorden. Skog med hovudsakleg høg bonitet. Arealet kan sjåast som forlenging av eksisterande bustader i nord og bustadfelt sør for arealet.

Det er ønske om tilrettelegging for nytt bustadområde, i samanheng med noverande gangveg.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSUR SAR/ GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Terrenget med fallande profil frå om lag 55 m.o.h i vest til om lag 40 m.o.h. i aust langs veg. Arealet er utan eksisterande busetnad, men grensar til Fv78 i aust og mot eksisterande bustader i nord. Eit nytt større bustadfelt vil endre landskapsbildet for nærmiljøet på Hagareset og langs Fv78.	Negativ konsekvens	-1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivsinteresser innanfor arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert jordbruksinteresser innanfor arealet. Skog med hovudsakleg høg bonitet. Arealet er ein del av eit større skogsterrenget.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Deler av arealet langs Fv78 er i konflikt med 100-metersbeltet. Fylkesvegen dannar ein barriere i landskapet og bruk i høve til sjø- og strandsoneretta aktivitetar. Tiltak vest for fylkesvegen vil ikkje vere til hinder for ålmenn ferdsel i strandsona.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Onarheim har dei siste åra opplevd auka etterspurnad etter bustader, og er ei av bygdene i Tysnes som generelt har hatt vekst. Tilrettelegging for fleire bustader, som her også har kort avstand til bygdesentrumet, vil verke styrkande for vidare bygdeutvikling i Onarheims-området. Arealet har kort avstand	Positiv konsekvens	+1

		til skule og barnehage.  Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.		
	Barn og unge	Området er i utgangspunktet barnevenleg med lite trafikk og gode høve for friluftaktivitetar. Det er om lag 1,5 km til skule og barnehage i Onarheim sentrum. For tida har Onarheim skule elevar på 1.-6. trinn. Ny skulestruktur er under arbeid i kommunen. Barnehagen er samlokalisert med Onarheim skule og har tilbod om 18 plassar. Generelt vil etablering av barnefamiljar ha positiv innverknad på lokalsamfunn og skule- og barnehagesektoren i høve til fleire barn og unge i krinsen.	Positiv konsekvens	+1

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Snøskred. Utløpsområde for snøskred. Snøskred treff bustadhus.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Store delar av arealet er innanfor sone for snøskred.
2. Fare for steinsprang/skred for delar av arealet i vest. Steinblokk treff bustadhus.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Ein mindre del av arealet i vest er utsett for steinsprang.
3. Støy frå veg (Fv78). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv78).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Deler av bustadfeltet ligg innanfor gul sone i støyvarslingskart. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støyplagar.
4. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det er eksisterande avkøyringar til eksisterande tomter i nord. Desse kan nyttast til det nye feltet. Fartsgrensa er 50 km/t og ÅDT på Fv78 er 500. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
5. Ulukke med gåande/syklande. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg og/eller uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 50 km/t og ÅDT på Fv78 er 500. Manglande fortau.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1																				
	2																				
	3	4	3									4	5								
	4			1									1								
	5			2									2								
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					



Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

- 1 og 2. Det vert lagt faresone for byggeareal som overlappar med risiko for steinsprang eller snøskred. Krav om undersøking av rasfare og etablering av sikringstiltak om nødvendig.
3. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreduserande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
4. Betring av vegstandard og kryssløysning.
5. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for nye bustader er positivt for vidare vekst i Onarheim krins.
- Gode oppvekstvilkår for barn, tilgang til skule og barnehage.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for friluftsliv.

##### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar som følgje av tiltaket.
- Store delar av arealet er innanfor sone for snøskred.
- Mindre del av arealet i vest er utsett for steinsprang.

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Onarheim krins.

### 3.5.2 Areal O-02

Krins: Onarheim

Lokalisering: Myklebusthagen

Gnr/bnr: 131/1

Noverande planstatus: LNF


Framlegg til nytt arealføremål: Bustad

Storleik: ca. 20,2 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert i Myklebusthagen, aust for Fv78. Terrenget er småkupert, med blanding av skog med høg bonitet og grunnlendt mark og fjell i dagen. I planprosessen er arealet justert med omsyn på kjerneområde landbruk, sjå kommentar under tema Landbruk.

Det er ønske om tilrettelegging for nytt bustadområde. Arealet er ei utviding av eksisterande byggefelt sørvest for arealet.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Om lag 60 prosent av arealet er klassifisert som naturbeitemark, verdi svært viktig. Etablering av bustadfelt vil ha påverknad både gjennom direkte arealbeslag, men også indirekte gjennom ferdsel.	Stor negativ konsekvens	-2
	Landskap	Landskapet er småkupert med blanding av skog og bart fjell. Området kan sjåast i samanheng med nærliggjande kulturlandskap, sjølv om det har hellande terreng frå kulturlandskapet og mot sjø. Arealet er utan tekniske inngrep slik det ligg i dag, men grensar i sør til eksisterande bustadfelt.	Negativ konsekvens	-1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsliv innanfor arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Arealet er ikkje registrert med markslag knytt til jordbruk. Arealet grensar i vest til jordbruksareal i hovudsak nytta til grasproduksjon. Deler av arealet låg i opprinneleg innspel innanfor kjerneområde for landbruk (ca. 3,5 daa). Dette konfliktområdet er tatt ut.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Arealet ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Onarheim krins har dei siste åra opplevd auka etterspurnad etter bustader, og er ei av krinsane i Tysnes som generelt har hatt vekst. Tilrettelegging for fleire bustader vil verke styrkande for vidare bygdeutvikling på austsida av Tysnes.	Positiv konsekvens	+1

		<p>Avstandar til tettstader i kommunen er om lag 6 km til Onarheim sentrum, 9 km til Lundegrend, ca. 18 km til Våge og 20 km til Ugddal sentrum.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.</p>		
	Barn og unge	<p>Området er i utgangspunktet barnevenleg med lite trafikk og gode høve for friluftaktivitetar. Det er om lag 7 km til skule og barnehage i Onarheim sentrum. For tida har Onarheim skule elevar på 1.-6. trinn. Elevar på ungdomstrinnet får skuleskyss til Tysnes skule, om lag 18 km. Ny skulestruktur er under arbeid i kommunen. Barnehagen er samlokalisert med Onarheim skule og har tilbod om 18 plassar.</p> <p>Generelt vil etablering av barnefamiljar ha positiv innverknad på lokalsamfunn og skule- og barnehagesektoren i høve til fleire barn og unge i krinsen.</p>	<p>Positiv konsekvens for nærmiljø</p> <p>Negativ konsekvens for avstand til skule og fritidstilbod</p>	<p>+1</p> <p>-1</p>

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Støy frå veg (Fv78). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv78).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Bustadfeltet ligg på det minste 50 meter frå Fv78 og ikkje innanfor rød eller gul sone i støyvarslingskart.
2. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det vert føresett at eksisterande avkøyringar til eksisterande tomter i sør kan nyttast for nye tomter. Fartsgrensa er 60 km/t og ÅDT på Fv78 er 500. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
3. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg koplå saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 60 km/t og ÅDT på Fv78 er 500. Det er ikkje eige felt for mjuke trafikantar langs Fv78.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	1																			
	2																				
	3	2	3									2	3								
	4																				
	5																				
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreduserande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
2. Betring av vegstandard og kryssløysning.
3. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for nye bustader er positivt for vidare vekst i Onarheim krins.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv

##### Negative konsekvensar:

- Konflikt med naturtype naturbeitemark.
- Landskapsmessige endringar som følgje av tiltak.
- Avstand til skule og fritidstilbod for barn og unge.

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Onarheim krins.

### 3.5.3 Areal O-03

Krins: Onarheim

Lokalisering: Sletteskog-Flakka

Gnr/bnr: 154/1,6,13 - 157/1,7,8,16,17,26,27

Noverande planstatus: LNF


Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad

Storleik: ca. 205,3 daa

#### Områdeskildring:

Området er eit større areal lokalisert aust for Flakkavågen. Terrenget er småkupert, med blanding av kultur- og naturlandskap. Blanding av skog med høg og særskilt høg bonitet. Arealet inkluderer eksisterande bustader. To kraftlinjer går gjennom området i retning nord-sør.

Det er ønske om tilrettelegging for inntil fire bustader.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSER/GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor eller i nærleiken av arealet, jf. relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Småkupert terreng med innslag av natur- og kulturlandskap. To kraftlinjer går gjennom området i retning nord-sør. Området ber preg av spreidd busetnad, men i hovudsak urørt naturområde. Arealet opnar for fire nye einingar. Området vil framleis vere prega av spreidd busetnad. Landskapsmessige konsekvensar vil vere avhengig av plassering av ønska bustader.	Ingen til negativ konsekvens	0/ -1
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde (verdi registrert) overlappar området i vestleg del, til saman 1,6 prosent av arealet. Det er ikkje kjent at arealet har viktige friluftskvalitetar. Tiltak innanfor arealet vil ikkje ha barriere effekt eller vere til hinder for lokal friluftaktivitet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Mindre delar er i konflikt med fulldyrka jord og innmarksbeite, totalt 4,1 prosent (ca. 8,3 daa) av arealet. Registrerte jordbruksareal er ikkje ein del av eit større jordbruksområde. Blanding av skog med høg og særskilt høg bonitet. Det er ikkje registrert skogsdrift i området. Konsekvensar for jordbruket er avhengig av plassering av nye einingar. Arealet opnar for fire nye einingar innanfor eit område på over 200 da. Det er føringar for at einingane ikkje skal plasserast på dyrka mark.	Negativ til ingen konsekvens	-1/ 0

	Strandsone	<p>Deler av arealet i sørvest er i konflikt med 100-metersbeltet. Næraste avstand til kystlinja er 60 meter. I nordleg del er grense for bustadereale trekt utanfor 100-metersbeltet.</p> <p>Det er spreidde tiltak innanfor 100-metersbeltet. Det vil framleis vere passasje mellom eksisterande tiltak ved sjøen og nye tiltak innanfor LNF-spreidd arealet.</p>	Ingen til negativ konsekvens	0/ -1
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Tilrettelegging for fleire bustader er positivt for tilflytting, og vil kunne styrke denne delen av Tysnes med omsyn på busetjing. Det er generelt viktig for kommunen å leggje til rette for attraktive bustadmiljø for å motverke fråflytting og forgubbing. Dette er også i tråd med planprogrammet, jf tilrettelegging av LNF-spreidd bustad for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden.</p> <p>Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av fem LNF-spreidd bustad areal i Onarheim krins med totalt omfang 19 einingar.</p> <p>Det er eksisterande avkøyring frå fylkesveg og kommunalveg gjennom arealet. Det må truleg etablerast fleire/nye avkøyringar frå kommunal veg gjennom arealet.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	<p>Området er i utgangspunktet barnevenleg med lite trafikk og gode høve for friluftaktivitetar. Det er om lag 3 km til skule og barnehage i Onarheim sentrum. For tida har Onarheim skule elevar på 1.-6. trinn. Elevar på ungdomstrinnet får skuleskyss til Tysnes skule, om lag 22 km. Ny skulestruktur er under arbeid i kommunen. Barnehagen er samlokalisert med Onarheim skule og har tilbod om 18 plassar.</p> <p>Generelt vil etablering av barnefamiliar ha positiv innverknad på lokalsamfunn og skule- og barnehagesektoren i høve til fleire barn og unge i krinsen.</p>	Positiv konsekvens for nærmiljø	+1

ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Flaum (200 års). Bekk flaumar over og vatn på bustadtomter. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Det er fleire bekker som går gjennom arealet. Bekkane kan truleg definerast som flaumbekkar.
2. Stråling. Stråling frå høgspenit. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspenitleidning over tid.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Det er tre høgspenitliner som går gjennom arealet. På bakgrunn av krav til avstand frå høgspenit for heilårsbustader vert sannsynet justert ned.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	1	■	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	2	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreingar.

1. Det vert lagt byggegrense på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar. Plastring av bekk/flytting av bekk.
2. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.

**TILRÅDING:**

**Positive konsekvensar:**

- Tilrettelegging for nye bustader er positivt for vidare vekst i Onarheim krins.
- Gode oppvekstvilkår for barn, tilgang til skule og barnehage.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv

**Negative konsekvensar:**

- Landskapsmessige endringar som følgje av tiltak.
- Mindre konflikt med jordbruksareal.

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Onarheim krins.

### 3.5.4 Areal O-04

Krins: Onarheim

Lokalisering: Skorpetveit

Gnr/bnr: 158/1,2,6 - 159/2

Noverande planstatus: LNF


Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad

Storleik: ca. 317 daa

#### Områdeskildring:

Området er eit større areal lokalisert nord på Skorpo. Terrenget er kupert, med varierende innslag av kultur- og naturlandskap. Blanding av skog med høg og sær høg bonitet. Arealet inkluderer veg, kraftlinje og eigedomar innanfor arealet.

Det er ønske om tilrettelegging for inntil tre bustader.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Rik edellauvskog er i konflikt med området i nordleg del. Naturtypen er registrert som viktig (B), og utgjør 7,3 prosent av arealet. Konsekvens for naturmangfaldet er avhengig av kor dei tre einingane vert etablert. Etablering av bustader kan ha påverknad gjennom direkte arealbeslag, men også indirekte gjennom m.a. ferdsel.	Stor negativ konsekvens ved nyetableringar innanfor naturtypen	-2
	Landskap	Arealet har eit kupert terreng med blanding av skog, lyng og ope fjell. I nærleiken og innanfor arealet finn ein mellom anna kraftlinje, veg, samt bustader langs den kommunale vegen. Arealet i særleg del er i hovudsak utan tekniske inngrep i dag. Arealet ber preg av utmark, samt delar av spreidd busetnad. Landskapsmessige konsekvensar vil vere avhengig av plassering av ønska bustader. Arealet opnar for tre nye einingar. Området vil framleis vere prega av utmark og spreidd busetnad.	Negativ til ingen konsekvens	-1/ 0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftstinteresser innanfor arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Mindre delar er i konflikt med fulldyrka jord og innmarksbeite, totalt 5,1 prosent (ca. 16 daa) av arealet. Innmarksareala er avgrensa til område ved den kommunale vegen. Skog med høg og sær høg bonitet. Arealet er ein del av eit større skogsterreng.	Negativ til ingen konsekvens	-1/ 0



		Konsekvensar for jordbruket er avhengig av plassering av nye einingar. Arealet opnar for tre nye einingar innanfor eit område på over 300 da. Det er føringar for at einingane ikkje skal plasserast på dyrka mark.		
	Strandsone	Det er konflikt med 100-metersbeltet i nordaustre del av arealet, elles er arealet lokalisert utanfor 100-metersbeltet. Konfliktområdet inkluderer to eksisterande tomter/hus. Etablering av ny bustad i tilknytning til eksisterande bustader vil ha liten konsekvens for tilgjenge til og bruk av 100-metersbeltet.	Ingen konsekvens	0
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Tilrettelegging for fleire bustader er positivt for tilflytting, og vil kunne styrke denne delen av Tysnes med omsyn på busetjing. Det er generelt viktig for kommunen å leggje tilrette for attraktive bustadmiljø for å motverke fråflytting og forgubbing. Dette er også i tråd med planprogrammet, jf tilrettelegging av LNF-spreidd bustad for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden.</p> <p>Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av fem LNF-spreidd bustad areal i Onarheim krins med totalt omfang 19 einingar.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.</p> <p>Det er eksisterande infrastruktur i området. Nye etableringar kan knyta seg til dette.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	<p>Området er i utgangspunktet barnevenleg med lite trafikk og gode høve for friluftaktivitetar.</p> <p>Det er om lag 6,5 km til skule og barnehage i Onarheim sentrum. For tida har Onarheim skule elevar på 1.-6. trinn. Elevar på ungdomstrinnet får skuleskyss til Tysnes skule, om lag 22 km langs Fv78 og 79. Fv78 og 79 har låg vegstandard og er utfordrande vinterstid. Ny skulestruktur er under arbeid i kommunen. Barnehagen er samlokalisert med Onarheim skule og har tilbod om 18 plassar.</p> <p>Generelt vil etablering av barnefamiliar ha positiv innverknad på lokalsamfunn og skule- og barnehagesektoren i høve til fleire barn og unge i krinsen.</p>	<p>Positiv konsekvens for nærmiljø</p> <p>Negativ konsekvens for avstand til skule og fritidstilbod</p>	+1 -1

## ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Flaum (200 års). Bekk flaumar over og vatn på bustadtomter. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Det er ein bekk som går gjennom arealet. Bekken kan truleg definerast som flaumbekk.
2. Stråling. Stråling frå høgspenst. Auka risiko for kreft.	Nærleik til høgspenstleidning over tid.	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Ei høgspenstline går gjennom arealet. På bakgrunn av krav til avstand frå høgspenst for heilårsbustader vert sannsynet justert ned.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	1	■	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	2	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreingar.

1. Det vert lagt byggegrense på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar. Plastring av bekk/flytting av bekk.
2. Buffersone/omsynssone med krav om tiltak for å redusere strålingsfare.

## TILRÅDING:

### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar og vidare vekst i Onarheim krins.
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

### Negative konsekvensar:

- Konflikt med naturtype rik edellauvskog.
- Landskapsmessige endringar som følgje av tiltak.
- Mindre konflikt med jordbruksareal.
- Avstand til skule og fritidstilbod for barn og unge.

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Onarheim krins. Arealet legg til rette for spreidde bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning.

### 3.5.5 Areal O-05

Krins: Onarheim

Lokalisering: Storevågen, Hodnanes

Gnr/bnr: 161/3

Noverande planstatus: LNF


Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad

Storleik: ca. 53,6 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert i Storevågen, like nord for fergeleiet på Hodnanes. Arealet er lokalisert aust for Fv49 og 78. Småkupert terreng mellom fylkesveg og sjølinje. Blanding av skog med høg og sær s høg bonitet.

Det er ønskje om tilrettelegging for inntil fire bustader.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSUR SAR/ GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor arealet, jf relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Landskapet er dominert av skogleddt terreng, med innslag av kulturlandskap. Arealet ligg i tilknytning til eksisterande infrastruktur, Fv49 og 78 i vest og bustader i sør og nordaust. Arealet er i hovudsak utan inngrep, med unntak av ein del traktorvegar og innmarksareal. Landskapsmessige konsekvensar vil vere avhengig av plassering av ønska bustader.	Negativ til ingen konsekvens	-1/0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivsinteresser innanfor arealet.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Mindre delar i aust er i konflikt med fulldyrka jord, til saman 4,7 daa. Arealet inneheld ei blanding av skog med høg og sær s høg bonitet. Konsekvensar for jordbruket er avhengig av plassering av nye einingar. Arealet opnar for fire nye einingar innanfor eit område på over 50 da. Det er føringar for at einingane ikkje skal plasserast på dyrka mark.	Negativ til ingen konsekvens	-1/0
	Strandsone	Delar av arealet i søraust ligg innanfor 100-metersbeltet. Minste avstand til strandlinja er 25 meter. Stor del av eksisterande busetnad ligg innanfor 100-metersbeltet og nærare sjøen enn planlagt LNF-spreidd areal. Arealet	Negativ til ingen konsekvens	-1/0

		mellom byggeområdet og kystlinja i særleg del er topografisk bratt og lite framkommeleg.		
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Tilrettelegging for fleire bustader er positivt for tilflytting, og vil kunne styrke denne delen av Tysnes med omsyn på busetjing. Det er generelt viktig for kommunen å leggje tilrette for attraktive bustadmiljø for å motverke fråflytting og forgubbing. Dette er også i tråd med planprogrammet, jf tilrettelegging av LNF-spreidd bustad for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden.</p> <p>Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av fem LNF-spreidd bustad areal i Onarheim krins med totalt omfang 19 einingar.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, som har positiv helsegevinst. Det er både tilgang til sjø, samt store utmarksområde i nærmiljøet</p> <p>Arealet er strategisk plassert i forhold til kommunikasjon med ferje til Stord og regionsenteret Leirvik.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	<p>Området er i utgangspunktet barnevenleg med lite trafikk og gode høve for friluftaktivitetar.</p> <p>Det er om lag 8 km til skule og barnehage i Onarheim sentrum. For tida har Onarheim skule elevar på 1.-6. trinn. Elevar på ungdomstrinnet får skuleskyss til Tysnes skule, om lag 22 km langs Fv49. Ny skulestruktur er under arbeid i kommunen. Barnehagen er samlokalisert med Onarheim skule og har tilbod om 18 plassar.</p> <p>Generelt vil etablering av barnefamiljar ha positiv innverknad på lokalsamfunn og skule- og barnehagesektoren i høve til fleire barn og unge i krinsen.</p>	<p>Positiv konsekvens for nærmiljø</p> <p>Negativ konsekvens for avstand til skule og fritidstilbod</p>	+1 -1

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Støy frå veg (Fv49 og 78). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv49 og 78).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Deler av LNF-spreidd sona ligg innanfor gul sone i støyvarslingsskart. Det vert sett generell byggegrense mot Fv49 og 78.
2. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det vert føresett at eksisterande avkøyringar til eksisterande tomter i sør eller nord kan nyttast for nye tomter. Fartsgrensa er 80

		km/t og ÅDT på Fv49 er 500. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
3. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 500. Det er ikkje eige felt for mjuke trafikantar langs Fv49.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	2	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	3	2	1	3	■	■	■	■	■	■	■	2	3	■	■	■	■	■	■	■	■
	4	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
	5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreducerande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
2. Betring av vegstandard og kryssløysning.
3. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar og vidare vekst i Onarheim krins.
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

##### Negative konsekvensar:

- Delar av arealet er innanfor 100-metersbeltet.
- Landskapsmessige endringar som følgje av tiltak.
- Mindre konflikt med jordbruksareal.
- Avstand til skule og fritidstilbod for barn og unge.

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Onarheim krins. Arealet legg til rette for spreidde bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning.

### 3.5.6 Areal O-06

Krins: Onarheim  
Lokalisering: Myklebust


Gnr/bnr: 131/1

Noverande planstatus: LNF  
Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad  
Storleik: ca. 5,3 daa

#### Områdeskildring:

Området er lokalisert i Myklebust, vest for Fv78. Det er eksisterande bustader nord og sør for arealet. Skog med særskild høg bonitet dominerer arealet.

Det er ønske om tilrettelegging for inntil tre nye bustader.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/ GEOGRAFI	Naturmangfald	Det er ikkje registrert naturmangfald innanfor arealet, jf. relevante databasar.	Ingen konsekvens	0
	Landskap	Landskapet er dominert av skogkledd og relativt flatt terreng. Det er ikkje eksisterande tiltak innanfor arealet, men det grensar til Fv79 i aust og bustadhus/hytter i sør og nord. Området ved Storevågen ber preg av spreidd busetnad. Arealet opnar for tre nye einingar. Området ved Storevågen vil framleis vere prega av spreidd busetnad. Landskapsmessige konsekvensar i høve til nær- og fjernverknad vil vere avhengig av plassering av ønska bustader.	Negativ til ingen konsekvens	-1/ 0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftssamarer innanfor eller i nærleiken av arealet. Det er registrert eit sti gjennom arealet. Det er ikkje kjent at denne er mykje nytta i friluftssamarheng eller at nye bustadhus innanfor arealet vil skape ein barriere for friluftsbbruk.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	Det er ikkje registrert jordbruksamarer innanfor eller i nærleiken av arealet. Skog med særskild høg bonitet. Arealet er ikkje ein del av eit større skogsterreng.	Ingen konsekvens	0
	Strandsone	Arealet ligg ikkje i 100-metersbeltet. Temaet er ikkje relevant.	Ingen konsekvens	0

SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	<p>Onarheim krins har dei siste åra opplevd auka etterspurnad etter bustader, og er ei av krinsane i Tysnes som generelt har hatt vekst. Tilrettelegging for fleire bustader vil verke styrkande for vidare bygdeutvikling på austsida av Tysnes.</p> <p>Det er generelt viktig for kommunen å leggje tilrette for attraktive bustadmiljø for å motverke fråflytting og forgubbing. Dette er også i tråd med planprogrammet, jf tilrettelegging av LNF-spreidd bustad for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden.</p> <p>Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av fem LNF-spreidd bustad areal i Onarheim krins med totalt omfang 19 einingar.</p> <p>Avstandar til tettstader i kommunen er om lag 6 km til Onarheim sentrum, 9 km til Lundegrend, ca. 18 km til Våge og 20 km til Ugddal sentrum.</p> <p>Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.</p>	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	<p>Området er i utgangspunktet barnevenleg med lite trafikk og gode høve for friluftaktivitetar.</p> <p>Det er om lag 7 km til skule og barnehage i Onarheim sentrum. For tida har Onarheim skule elevar på 1.-6. trinn. Elevar på ungdomstrinnet får skuleskyss til Tysnes skule, om lag 18 km. Ny skulestruktur er under arbeid i kommunen. Barnehagen er samlokalisert med Onarheim skule og har tilbod om 18 plassar.</p> <p>Generelt vil etablering av barnefamiljar ha positiv innverknad på lokalsamfunn og skule- og barnehagesektoren i høve til fleire barn og unge i krinsen.</p>	<p>Positiv konsekvens for nærmiljø</p> <p>Negativ konsekvens for avstand til skule og fritidstilbod</p>	+1 -1

#### ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Snøskred. Utløpsområde for snøskred. Snøskred treff bustadhus.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Eit mindre del av arealet i vest er innanfor sone for snøskred.
2. Støy frå veg (Fv78). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv78).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Deler av LNF-spreidd sona ligg innanfor gul sone i

		støyvarslingskart. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støypagar.
3. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 50 og 60 km/t og ÅDT på Fv78 er 500. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
4. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 50 og 60 km/t og ÅDT på Fv78 er 500. Det er ikkje eige felt for mjuke trafikantar langs Fv78.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Samsyn	1																				
	2		4																		
	3	3	2									3	4								
	4			1									1								
	5																				
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Det vert lagt faresone for byggeareal som overlappar med risiko for steinsprang eller snøskred. Krav om undersøking av rasfare og etablering av sikringstiltak om nødvendig.
2. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreducerande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
3. Betring av vegstandard og kryssløysning.
4. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

#### TILRÅDING:

##### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar og vidare vekst i Onarheim krins.
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

##### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar som følgje av tiltak.
- Mindre del av arealet er innanfor sone for snøskred.
- Avstand til skule og fritidstilbod for barn og unge.

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Onarheim krins. Arealet legg til rette for spreidde bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning.



### 3.5.7 Areal O-07


Krins: Onarheim  
Lokalisering: Hovland

Gnr/bnr: 128/1,3,4,6,10,11,15,21,22,30  
129/1,2,4,6,8,12,16,18,25,36,38,40,42,45,46

Noverande planstatus: LNF  
Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd bustad  
Storleik: ca. 303,7 daa

**Områdeskildring:**  
Området er eit større areal på Hovland, og dekkjer i hovudsak eksisterande gardsbruk, bustadhus og kulturlandskap.

Det er ønskje om tilrettelegging for inntil fem bustader.



	Tema	Merknad/vurdering	Konsekvens	
MILJØ OG NATURRESSURSAR/GEOGRAFI	Naturmangfald	Gamal fattig edellauvskog er lokalisert i sør-austre del. Naturtypen er registrert til å vere lokal viktig (C). Etablering av bustader innanfor naturtypen vil ha påverknad gjennom direkte arealbeslag.	Negativ konsekvens ved direkte arealbeslag	-1
	Landskap	Landskapet er i hovudsak dominert av kulturlandskap med gardsbruk og dyrka mark. Fylkesveg 78 går tvers gjennom arealet, samstundes som det er etablert fleire hytter og bustader innanfor arealet. Området på Hovland ber preg av å vere eit kulturlandskap med spreidd busetnad. Arealet opnar for fem nye einingar. Området vil framleis vere prega av kulturlandskap og spreidd busetnad. Landskapsmessige konsekvensar i høve til nær- og fjernverknadar vil vere avhengig av plassering av ønska bustader.	Negativ til ingen konsekvens	-1/ 0
	Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av arealet.	Ingen konsekvens	0
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde (verdi registrert) overlappar området i nordleg og vestleg del, til saman 7,2 prosent (22,5 daa) av arealet. Tiltaket vil ikkje ha særleg negativ innverknad med omsyn på tilgang til friluftsområde.	Ingen konsekvens	0
	Landbruk	47,7 prosent av arealet er i konflikt med jordbruksareal, i hovudsak fulldyrka jord (11,2 daa). Kjerneområde landbruk dekkjer 81,3 prosent (254,4 daa) av arealet. Konsekvensar for jordbruket er avhengig av plassering av nye einingar. Arealet opnar for	Stor negativ konsekvens	-2

		fem nye einingar innanfor eit område på over 300 da. Området er vurdert av jordbrukssjef med følgjande merknad: Omsøkte tiltak kan akseptast på vilkår av at dyrka jord (fulldyrka/overflatedyrka/inmarksbeite) ikkje vert berørt og minimum minsteavstand til driftsbygningar overhalde. Tomteplassering må gjerest etter samla vurdering/plan og før tiltak vert iverksett. Alle desse momenta vert lagt i føresegner for LNF-spreidd.		
	Strandsone	Mindre delar av arealet er i konflikt med 100-metersbeltet. Minste avstand til kystlinja er 50 meter. Store delar av 100-metersbeltet nærare enn LNF-spreidd arealet utgjer eksisterande tiltak. Det er framleis strandsoneareal utan tiltak og ope for ålmenta. Fem nye bustader vil ikkje endre strandsonekvalitetane i Hovlandområdet.	Ingen til negativ konsekvens	0/ -1
SAMFUNN	Samfunnsmessige tilhøve	Tilrettelegging for fleire bustader er positivt for tilflytting, og vil kunne styrke denne delen av Tysnes med omsyn på busetjing. Det er generelt viktig for kommunen å leggje tilrette for attraktive bustadmiljø for å motverke fråflytting og forgubbing. Dette er også i tråd med planprogrammet, jf tilrettelegging av LNF-spreidd bustad for tilbakeflytting av personar som har tilknytning til staden.  Det er ei målsetnad å tillate spreidd bustadbygging i alle bygder i kommunen. Arealet er eitt av fem LNF-spreidd bustad areal i Onarheim krins med totalt omfang 19 einingar.  Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og store utmarksområde i nærmiljøet.  Eksisterande infrastruktur legg til rette for å etablera enkelttiltak innanfor arealet.	Positiv konsekvens	+1
	Barn og unge	Området er i utgangspunktet barnevenleg med lite trafikk og gode høve for friluftaktivitetar.  Det er om lag 9 km til skule og barnehage i Onarheim sentrum. For tida har Onarheim skule elevar på 1.-6. trinn. Elevar på ungdomstrinnet får skuleskyss til Tysnes skule, om lag 16 km. Ny skulestruktur er under arbeid i kommunen. Barnehagen er samlokalisert med Onarheim skule og har tilbod om 18 plassar.  Generelt vil etablering av barnefamiljar ha positiv innverknad på lokalsamfunn og skule- og barnehagesektoren i høve til fleire barn og unge i krinsen.	Positiv konsekvens for nærmiljø  Negativ konsekvens for avstand til skule og fritidstilbod	+1  -1

ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev. kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Snøskred. Utløpsområde for snøskred. Snøskred treff bustadhus.	Ekstreme værforhold. Klimaendringar.	Store delar av arealet i vest er innanfor sone for snøskred. Klimatiske tilhøve gjer at snøskred i praksis ikkje utgjer noko faremoment.
2. Flaum (200 års). Bekk flaumar over og vatn på bustadtomter. Vasskade på byggkonstruksjonar.	Ekstrem nedbør. Snøsmelting.	Det er fleire bekker som går gjennom arealet. Bekkane kan truleg definerast som flaumbekkar.
3. Støy frå veg (Fv78). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv78).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Deler av LNF-spreidd sona ligg innanfor gul sone i støyvarslingskart. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støyplagar.
4. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det vert føresett at eksisterande avkøyringar til eksisterande tomter kan nyttast for nye tomter. Fartsgrensa er 50 og 80 km/t og ÅDT på Fv78 er 500 og 60. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
5. Ulukke med gåande/syklende. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 50 og 80 km/t og ÅDT på Fv78 er 500 og 60. Det er ikkje eige felt for mjuke trafikantar langs Fv78.

		HELSE OG LIV					MIJLØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Samnsyn	1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	2	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	3	4	3	5	1	2	1	2	3	4	5	4	5	2	1	3	1	3	3	4	5
	4	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Risikoreduserande tiltak. Behov for vidare vurderingar/utgreiingar.

1. Det vert lagt faresone for byggeareal som overlappar med risiko for steinsprang eller snøskred. Krav om undersøking av rasfare og etablering av sikringstiltak om nødvendig.
2. Det vert lagt byggegrense på 20 m langs bekker og 50 m langs elvar. Plastring av bekk/flytting av bekk.
3. Ikkje tillate nye bustader innanfor rød-sone i støyvarslingskart. Støyundersøking og støyreduserande tiltak mot fylkesveg for bustadar i gulsone.
4. Betring av vegstandard og kryssløysning.
5. Betring av vegstandard, markering/etablering av felt for mjuke trafikantar.

## TILRÅDING:

### Positive konsekvensar:

- Tilrettelegging for etablering av spreidde bustader i landlege omgjevnadar og vidare vekst i Onarheim krins.
- Auke i potensiale for tilflytting av personar med lokal tilknytning.
- Nærområdet gir gode oppvekstvilkår for barn.
- Arealet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv.

### Negative konsekvensar:

- Landskapsmessige endringar som følgje av tiltak.
- Til dels stor konflikt med jordbruksareal.
- Store delar av arealet i vest er innanfor sone for snøskred.
- Avstand til skule og fritidstilbod for barn og unge.

Arealet vert tilrådd som bustad med bakgrunn i vidare bygdeutvikling i Onarheim krins. Arealet legg til rette for spreidde bustader som opnar for tilbakeflytting av personar med lokal tilknytning.

### 3.5.8 Areal O-08

Krins: Onarheim

Lokalisering: Hardingesjøen

Gnr/bnr: Sjø (grenser til 152/6,8,9)

Noverande planstatus: LNF, FBO-FNF, FBO-AFNF (KL)

Framlegg til nytt arealføremål: Småbåtanlegg

Storleik: ca. 4 daa

#### Områdeskildring:

Arealet er lokalisert til sjø i Hardingesjøen ved Onarheim. Det er eksisterande naust i tilknytning til arealet. Avstand til Onarheim sentrum er kort.

